



Høgskulen på Vestlandet

Møtebok: Høgskulestyret (29. - 30.11.2017)

Høgskulestyret

Dato/tid: 29.11.17 17:00-19:00 og 30.11.17 09:00-14:00

Sted: HVL Campus Kronstad
Inndalsveien 28,
5063 Bergen

Møterom: Styrerommet (A825)

Innhold

Saksnr	Sak	Side
089/17	Innkalling, sakliste og godkjenning av protokoll, styremøte 11/17 *	3
090/17	Strategigruppa - dialog med styret	23
091/17	Oppretting av Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) ved Høgskulen på Vestlandet	27
092/17	Utkast årsplan 2018	33
093/17	Budsjett 2018	49
094/17	Videreføring av internrevisjonssamarbeid	67
095/17	Kjøp av aksjar i Vitensenteret i Sogn og Fjordane	71
096/17	Rapport opptak 2017	93
097/17	Søknad om etablering av ny studieretning under master i klinisk fysioterapi; fysioterapi ved psykiatriske og psykosomatiske helseplager	101
098/17	Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer for studieåret 2018-2019 for Høgskulen på Vestlandet	147
099/17	Delegasjon av tilsetting i undervising og forskarstillingar - oppretting og samansetting av tilsettingsutval	203
100/17	Arbeidsmiljøutval i HVL frå 01.01.2018 - arbeidstakarrepresentantar	207
101/17	Oppnemning av leiar for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet	211
102/17	Orientering til styret om OU-programmet - november 2017	213
103/17	Fastsetting av understruktur i fakulteta (sak ettersendt 24.11.17)	225
O-11/17	Orienteringar til styremøte 11/17	239
O-11/17-1	Årshjul for styret pr. november 2017	241
O-11/17-2	Referat frå IDF-møte	-
O-11/17-3	Protokoll forhandlinger HTV - lederstruktur nivå 3 og 4	245
O-11/17-4	Utviklingsavtale - ny revidert versjon etter dialog med KD	249
O-11/17-5	Følgerevaluering - NIFU	-

* saklisten i sak 089/17 oppdatert 24.11.17



Arkivsak-dok. 17/00097-56 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 29.11.2017

089/17
INNKALLING, SAKSLISTE OG GODKJENNING AV PROTOKOLL -
STYREMØTE 11/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 11/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 10/17

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte.

Styremøtet finn stad **onsdag 29 november kl. 17:00 - 19:00** og **torsdag 30. november kl. 09:00 – 14:00**.

Styreseminaret finner sted i forkant av styremøtet onsdag 29. november kl. 10:30-16:30.

Møterom **Styrerommet** (A825) på **HVL campus Kronstad**, Inndalsveien 28, Bergen.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet v/Linda McGuffie på telefon 55 58 75 39 eller e-post: lmhm@hvl.no.

Med helsing

Arvid Hallén
Styreleiar

Berit Rokne
rektor

Vedlegg:
Saksliste til styremøte 11/17
Protokoll frå styremøte 10/17

Saksliste til styremøte 11/17:

Vedtakssaker/Drøftingssaker	
089/17	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll, styremøte 11/17
090/17	Strategigruppa - dialog med styret
091/17	Oppretting av Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) ved Høgskulen på Vestlandet
092/17	Utkast årsplan 2018
093/17	Budsjett 2018
094/17	Videreføring av internrevisjonssamarbeid
095/17	Kjøp av aksjar i Vitensenteret i Sogn og Fjordane
096/17	Rapport opptak 2017
097/17	Søknad om etablering av ny studieretning under master i klinisk fysioterapi; fysioterapi ved psykiatriske og psykosomatiske helseplager
098/17	Det samla eigenfinansierte studietilbudet med opptaksrammer for studieåret 2018-2019 for Høgskulen på Vestlandet
099/17	Delegasjon av tilsetting i undervising og forskarstillingar - oppretting og samansetting av tilsettingsutval
100/17	Arbeidsmiljøutval i HVL frå 01.01.2018 - arbeidstakarrepresentantar
101/17	Oppnemning av leiar for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet
102/17	Orientering til styret om OU-programmet - november 2017
103/17	Fastsetting av understruktur i fakulteta (sak ettersendt 24.11.17)
Orienteringssaker	
O-11/17	Orienteringar til styremøte 11/17
O-11/17-1	Årshjul for styret pr. november 2017
O-11/17-2	Referat frå IDF-møte
O-11/17-3	Protokoll forhandlinger HTV - lederstruktur nivå 3 og 4
O-11/17-4	Utviklingsavtale - ny revidert versjon etter dialog med KD
O-11/17-5	Følgjeevaluering - NIFU
Eventuelt	



MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 25.10.2017 kl. 10:00

Sted: Bergen

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Aina Berg, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Cecilie Engen Fredheim, Marie Eikemo Larsen, Gunnar Birkeland, Trond Ueland, Kari Kjenndalen (delvis møtt: Tilstades ved handsaming av sak 77/17, 79/17, 80/17 og 88/17).

**Møtende
varamedlemmer:** Arne Riple (Tilstades ved handsaming av sak 78/17, 81/17-87/17, 89/17, O-10/17)

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART	
Vedtakssaker	
<u>77/17</u>	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll - styremøte 10/17
<u>78/17</u>	Riksrevisjonen møter styret 25. oktober 2017
<u>79/17</u>	Revisjon av bierverv/sidegjøremål ved Høgskulen på Vestlandet - Revisjonsrapport
<u>80/17</u>	Intern økonomistatus per 2. tertial 2017
<u>81/17</u>	Status årsplan 2017 og gjennomgang av tilbakemeldingar frå etatsstyringsmøtet
<u>82/17</u>	Forslag til statsbudsjett 2018
<u>83/17</u>	Budsjett 2019 - innspel til Kunnskapsdepartementet
<u>84/17</u>	Høgskulen på Vestlandet sitt eierskap i aksjeselskap
<u>85/17</u>	Endring av navn på studieprogram
<u>86/17</u>	Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi
<u>87/17</u>	Orientering til styret om OU-programmet - oktober 2017
<u>88/17</u>	Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd
89/17	Orientering om prosess – Kronstad 2 (O-10/17-4)
Orienteringssaker	
<u>10/17</u>	O-10/17 Orienteringar til styremøte 10/17 17

Bergen, 25.10.2017

Arvid Hallén

77/17 Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll - styremøte 10/17

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	77/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 10/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 09/17

Møtebehandling

Styreleiar ønske velkommen og informerte om at styremedlem Kari Kjenndalen ville forlate møtet kl. 12.00 og at varamedlem Arne Riple møter for henne etter dette.

Eitt styremedlem ønske at O-10/17-3 vart handsama som ei ordinær sak. Tre saker vart meldt til eventuelt. Det kom innspel frå styremedlem om at det er ønskeleg at sakslista til styret dreiest mot meir strategiske saker.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 10/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 09/17

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

78/17 Riksrevisjonen møter styret 25. oktober 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	78/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar presentasjonen av Riksrevisjonen til orientering.

Møtebehandling

Møtet var lukka fordi informasjon om Riksrevisjonens revisjonsplanar er unnateke offentlegheit.

Votering**Vedtak**

Styret tar Riksrevisjonen sin presentasjon til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

79/17 Revisjon av bierverv/sidegjøremål ved Høgskulen på Vestlandet - Revisjonsrapport

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	79/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber ledelsen påse at de bemerkninger og anbefalinger som fremkommer i revisjonsrapporten blir fulgt opp på en hensiktsmessig måte.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret ser det som viktig at ein forbetrar dei interne rutinane på dette området, også sidan dette er eit tema Riksrevisjonen har vore opptekne av. Styret understreka at det er bra for organisasjonen at tilsette har bistillingar og sidegjøremål, men at det er viktig at leiinga jamnleg vurderer kor føremålstenleg desse er og ser etter at desse oppgåvene ikkje medfører slitasje på dei tilsette, særleg i den fasen Høgskulen er inne i no. Det er også viktig at sidegjøremål, til dømes gjennom eigne føretak, ikkje kjem i konkurranse med arbeidet ved eigen institusjon. Kartlegging av og ei jamnleg oppdatering av dei tilsette sine sidegjøremål vil gjere det mogleg for leiinga å følgje dette opp på ein god måte, og dessutan gi eit naudsynt oversyn over HVL sitt nettverk.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber leiinga sikre at dei merknader og tilrådingar som kjem fram i revisjonsrapporten vert fylgd opp på ein høveleg måte.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

80/17 Intern økonomistatus per 2. tertial 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	80/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Saken blir tatt til orientering

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Jan Ove Henriksen, økonomileiar i nærregion Bergen gav ei meir inngåande gjennomgang av saka. Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor forskning, gav informasjon om ekstern inntening.

Tala i tertialrapporten gir eit bilete av økonomistatus per august 2017, og inneheld kommentarar på tema som styret tidlegare har etterspurd informasjon om, spesifikt bruk av konsulenttenester, eksterne inntekter og bruk av avsetningar.

Styret diskuterte saka og var nøgd med at økonomistyringa i organisasjonen er god. Det vart reist spørsmål til mindreforbruket på nokre postar. Dette mindreforbruket skuldast rekneskapstekniske årsaker. Ved årsavslutning vil ein altså ikkje stå igjen med eit så stort mindreforbruk som ein kan få inntrykk av ut frå tertialrapporten. Auka utgifter til konsulenttenester skuldast arbeidet med fusjonen, og styret var nøgd med å få ei oversikt over dette. Administrasjonen stadfesta at det er sett av midlar til strategiske satsingar i alle nærregionane, sjølv om det i rekneskapen vert brukt litt ulike nemningar.

Informasjonen om ekstern inntening gir eit tidsavgrensa bilde og sidan dette er eit strategisk viktig område for HVL, vil styret seinare ha ei utdjupande sak som gir eit mer heilskapleg bilete. Ei slik sak vil også kunne gi innsyn i kor potensialet ligg for ekstern inntening og kor i organisasjonen ein bør heve kompetansen for å oppnå dette. Styret ser det som svært viktig at HVL kan sikre auka oppdrags- og forskingsfinansiering.

Styret ser fram til å få ein strategi som kan legge føringar for satsing på dette området, og at ein kan legge opp til strukturar som stimulerer til slik aktivitet. Styret understreka at det er viktig å nytte den kapasiteten som allereie finst i organisasjonen og at ein satsar på auka BoA- og forskingsaktivitet også før ein slik strategi er på plass.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til førebels orientering og ber administrasjonen følgje opp i samsvar med kommentarane.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

81/17 Status årsplan 2017 og gjennomgang av tilbakemeldingar frå etatsstyringsmøtet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	82/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar gjennomgangen av årsplan 2017 til vitande.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret diskuterte saka og kom med kommentarar til verksemdsmåla og dei områda KD har bedt HVL om å følgje opp i etterkant av etatsstyringsmøtet. Styret ser det som positivt at ein er i gang med tiltaka for å oppnå måla, og har forståing for at ein del av desse grunna omstillingsfasen er knytt opp til pågåande prosessar som ny organisering og strategiprosess. Styret ser fram til å grundigare diskusjonar knytt til dei ulike temattikkane som ligg i årsplanen og tilbakemeldingane frå etatsstyringsmøte.

Styret ser på årsplanen som eit viktig dokument og verktøy som kan understøtte styrets rolle i å utøve kontroll, ta avgjerder og være ein støtte for rektor og leiinga. Ikkje alle verksemdsmåla er like målbare og dette er ei utfordring når ein skal vurdere måloppnåing. Det er eit ønske at ein held fram med arbeidet med å konkretisere desse, og at ein tydeleggjer risikomoment i større grad. Det vil gi styret moglegheit til å være meir konkrete i sine tilbakemeldingar og å vurdere i kva grad måla er oppnådd på eit strategisk nivå.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar gjennomgangen av årsplan 2017 til orientering. Styret ber om at det seinare vert lagt til rette for grundigare strategiske diskusjonar om mål og tiltak i årsplanarbeidet.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

82/17 Forslag til statsbudsjett 2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	81/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saken om forslag til statsbudsjett for 2018 til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Jan Ove Henriksen, økonomileiar nærregion Bergen, var til stades i møtet og svara på spørsmål.

Styret diskuterte saka og peika på at det er nøkternt budsjett. Det er positivt at tidlegare tildelte studieplassar vert vidareført, og dessutan at ein har fått vidareført støtte til innføring av den nye rammeplanen for grunnskulelærerutdanninga. Nedgangen i dei samla offentlege midlane til forskning er ei endring i årets statsbudsjett frå føregåande år som det vert viktig å følgje med på framover.

Styret understreka at den nye finansieringsmodellen gjer det naudsynt å vere klare i formuleringa av HVL sine mål og oppfølginga av desse, og at ein må vere merksam på korleis inntektssystemet spelar saman med måla når ein tek strategiske avgjerder. Samstundes konstaterer styret at sjølv om insentiva i finansieringsmodellen får mykje merksemd, er det framleis studiepoengsproduksjon som gir det største økonomiske utslaget.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka om statsbudsjettframlegget for 2018 til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

83/17 Budsjett 2019 - innspel til KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	83/17

Forslag til vedtak:

Styret ber rektor ferdigstille brev til KD med utgangspunkt i tiltak/områder gjort greie for i saksframlegget

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret var nøgd med saka som var lagt fram og slutta seg til dei områda som var foreslått i saksframlegget, særleg at ein formidlar behov for støtte til rekrutteringsstillingar og kompetanseheving, studieplassar, infrastruktur og endring av finansieringskategoriar. Desse områda er viktige for at HVL skal kunne nå universitetsambisjonen og møte behova for omstilling i regionen.

Styret kommenterte også behovet for støtte til fusjonskostnader og husleigeutgifter, men konkluderte med at det finst andre meir eigna måtar å be om støtte til desse meir ekstraordinære områda, som til dømes SAKS-midlar.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret slutta seg til framlegget og ber rektor ferdigstille brev til KD med utgangspunkt i tiltak/områder gjort greie for i saksframlegget.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

84/17 Høgskulen på Vestlandet sitt eierskap i aksjeselskap

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	84/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar oversikten over høgskolens eierskap til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor forskning, var tilstades i møtet og informerte om bakgrunnen for saka.

Styret takka for saka og understreka at eigarskap er eit viktig strategisk verktøy. Styret ser fram til å få ei sak om prinsipp og rammer for høgskulens eigarskap i aksjeselskap.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar oversynet av høgskulen sitt eigarskap til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

85/17 Endring av navn på studieprogram

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	85/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtar å endre navn på studieprogrammet, fra «Undervannsteknologi – drift og vedlikehold» til «Havteknologi».

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Bjørg Kristin Selvik, prorektor utdanning, og Kristin Ravnanger, utdanningsdirektør ved nærregion Bergen, var tilstades i møtet og svara på spørsmål.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Studieprogrammet endrar namn fra «Undervannsteknologi – drift og vedlikehold» til «Havteknologi».

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

86/17 Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	86/17

Forslag til vedtak:

Styret vedtar at sensurfristen for nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi forlenges til 22. januar 2018 klokken 12.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Kristin Ravnanger, utdanningsdirektør i nærregion Bergen, svara på spørsmål.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Sensurfristen for nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi vert forlenga til 22. januar 2018 klokken 12.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

87/17 Orientering til styret om OU-programmet - oktober 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	87/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek orienteringa til vitande.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Wiggo Hustad, leiar for OU-programmet, presenterte saka.

Informasjon om status for framdrifta i dei ulike OU-prosjekta er tilgjengeleg på HVL sine eksterne nettsider.

Rektor informerte om at plasseringa av sentra er ei mellombels løysing i ein overgangsfase. Når kartlegginga av senterstrukturen er gjennomført vil styret få ei sak om dette og vil da få moglegheit til å sjå sentra og deira plassering i ein strategisk samanheng.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek orienteringa til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

88/17 Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning*Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd*

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	88/17

Framlegg til vedtak:

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtebehandling

Møtet var lukka.

Votering

Møtet var lukka.

Vedtak

Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak om tilsetjing i fast stilling i 100 % som direktør for økonomi og arealforvaltning ved Høgskulen på Vestlandet:

1. Helge Skugstad
2. NN (u.off.)
3. Vibeke Eriksen

Startdato etter avtale.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

89/17 Orientering om prosess – Kronstad 2 (O-10/17-4)

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2017	89/17

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Møtebehandling

Saka var meldt til møtet som ei orienteringssak, men etter ønske frå Tom Skauge vart saka handsama som ei ordinær vedtaks-/drøftingssak.

Rektor presenterte saka og Tom Skauge sa at han såg saka som svært viktig og at styret derfor burde ta stilling til dei spørsmåla som er kome opp i saka om nybygget.

Styret diskuterte saka og var samd i at det er uheldig at det er uro i organisasjonen knytt til dette. Fleirtalet i styret meinte at det ikkje er rett at styret går konkret inn i dei ulike spørsmåla knytt til planlegging av nytt bygg. Dette er spørsmål som må handsamast av administrasjon og leiing. Styret var oppteken av at det er gode prosessar i det vidare arbeidet med denne saka, i tråd med det som er skissert i saksframlegget, og ber om at styret vert orientert om framdrifta i arbeidet.

Framlegg til vedtaksformulering vart fremma av Skauge:

1. *Styret anmoder rektor om å gi brukerutvalg 2 mandat til å:*
 - a. *Raskest mulig identifisere fagmiljøene som skal inn i bygget. Disse bør være sentral premissleverandør for arkitektonisk utforming.*
 - b. *Legge til rette for å prøve ut aktivitetsbaserte arbeidsplasser (ABA) i en halv etasje av Kronstad 2.*
 - c. *Legge til rette for at resten av byggets kontordel skal ha arbeidsplasser for de ansatte som er organisert som cellekontorer med god tilgang til faglige- og sosiale møteplasser.*
2. *Styret anmoder rektor om ta initiativ til en metastudie for forskningsbasert kunnskap om ABA i akademia.*

Alternativt framlegg til vedtaksformulering vart fremma av styreleiar:

Styret tek saka til orientering og ber rektor sikre at det vert lagt opp til gode prosessar i det vidare arbeidet med planlegging av Kronstad 2.

Votering

Skauge sitt framlegg til vedtakspunkt 1. b) og c) vart satt opp mot styreleiar sitt framlegg til vedtak.

For: Skauge.

Mot: Riple, Fredheim, Ueland, Larsen, Riisøen, Yttri, Birkeland, Berg, Øye, Ubbe, Johansson, Hallén.

Skauge sitt framlegg vart avvist med ein mot tolv stemmer.

Styret røysta over styreleiar sitt framlegg til vedtak:

For: Riple, Ueland, Birkeland, Berg, Yttri, Øye, Johansson, Ubbe, Fredheim, Larsen, Riisøen, Hallén.

Mot: Skauge.

Styreleiar sitt framlegg til vedtak vart vedteke med tolv mot ein stemme.

Vedtak

Styret tek saka til orientering og ber rektor sikre at det vert lagt opp gode prosessar i det vidare arbeidet med planlegging av Kronstad 2.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saknr	Arkivsak	Tittel
10/17	17/00146-26	O-10/17 Orienteringar til styremøte 10/17
O-10/17-1	Årshjul pr. oktober 2017	
	Ingen kommentarar.	
O-10/17-2	Referat frå IDF-møte	
	Ingen kommentarar.	
O-10/17-3	Rammer for studieåret 2018/2019 (studiestart)	
	Studiestart haustsemesteret er sett til onsdag 15. august 2018.	
O-10/17-4	Orientering om prosess – Kronstad 2	
	Saka omgjort til ei vedtaks-/drøftingssak, sjå sak nr. 89/17.	
O-10/17-5	Strategigruppa – dialog med styret	
	Björg Kristin Selvik orienterte om status på strategiarbeidet. Den utvida leiarsamlinga som var planlagt i november vert utsett til nyåret grunna pågåande tilsettingsprosessar, men elles er arbeidet i rute, jf. tidsplanen for strategiarbeidet (sak 61/17). Det vert styreseminar i november og styret vart oppmoda om å melde frå dersom dei har innspel til tema som det bør viast tid til på seminaret utover det som ligg i planen. Det vert i månadskiftet november/desember lagt opp til opne møte med eksterne deltakarar i alle nærregionar. Styret understreka at møtet med eksterne er ein viktig del av strategiarbeidet.	
O-10/17-6	Utviklingsavtalar – oppsummering møte med KD	
	Styreleiar presenterte saka. Eit nytt utkast til utviklingsavtale vert utarbeidd med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå departementet (møte 10. oktober). Den nye versjonen vil bli distribuert til styret når den vert sendt til departementet.	
Eventuelt		
	Orientering om strategiske regionale møtearenaer (meldt av Trond Ueland)	

	Eit ønske om at ei oversikt over strategiske regionale møtearenaer vert lagt fram for styret. Rektor opplyste om at det i første omgang vil komme ei sak om råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA), og at det dessutan ligg i tidsplanen for strategiprosessen ei strategisk analyse av våre omgjevnader no i dei kommande månadene som vil kunne gi ei slik oversikt, jmf sak O 10/17-5.
	Utvikling av ein felles kultur for kvalitet i utdanningane i Høgskulen på Vestlandet – handtering av uønskete hendingar (meldt av Gunnar Yttri) Gunnar Yttri presenterte saka som gjeld oppfølging av kvalitetsmeldinga og handtering av uønskete hendingar i utdanningane våre. Har HVL eit felles system for registrering og dokumentasjon av uønskete hendingar i utdanningane våre (t.d. formelle feil ved eksamensgjennomføring eller sprik i karaktersetting ved sensur) som kan ligge til grunn for ein felles strategi for å handtere slike? Yttri bad om at styret får tilbake ei utgreiing frå administrasjonen om korleis me kan byggja eit felles system for registrering og dokumentasjon av uønskete hendingar i utdanningane våre, og også korleis dette kan byggjast på og vera ein del av arbeidet med å utvikla kvalitet i utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet. Rektor opplyste om at dette er eit tema som ein har fokus på i administrasjonen, og at ein har hatt apparat for å handtere slike hendingar i dei tre gamle institusjonane. Når den nye organisasjonen er på plass vil det være naturleg å samkjøre desse i eit felles system og då kan styret få ei orientering om dette.
	Flytting av styremøter (meldt av styreleiar) Ønske om å flytte styremøte 11/17 frå Haugesund til Bergen grunna utanlandsreise. Det er ikkje framlegg om å gå bort frå ordninga med å rullere på møtestad i dei ulike nærregionane. Styret hadde ikkje innvendingar mot å endre møtestad. Rektor informerte om at styremøte 03/18 moglegvis må flyttas fram ei veke frå 19. april til 12. april, grunna ein studietur for KD-delegasjon og rektorer som er planlagt i veke 16. Kjem attende til dette dersom det vert naudsynt å bytte møtedato.

Arkivsak-dok. 17/09874-4 Arkivkode. 02
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 29.11.2017

090/17

STRATEGIGRUPPA - DIALOG MED STYRET

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til vitande.

Samandrag

I tilknytning til styremøte 11/17 blir det holdt styreseminar med tema oppdrag, visjon og verdier, og tverrgående synergiområder. I denne saken blir styret orientert om status på strategiprosessen. Styret inviteres også til å komme med innspill til momenter tilknytta temaene for styreseminaret som strategigruppa bør legge særlig vekt på i det videre arbeidet.

Vedlegg:

Utrykte vedlegg:

[Strategiprosess for HVL 2017-18](#) (inkl. sentrale dokument i strategiprosessen)

[011/17: Rapport fagleg plattform, profil og strategi](#)

[011/17 Protokoll](#)

[038/16 Styresak faglig plattform, profil og strategi](#)

[056/17 Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet](#)

[061/17 Plan for strategiprosessen 2017-2018](#)

Saka har ikkje trykte vedlegg.

Saksframstilling:

Status strategiprosess:

Strategiprosessen er i en forarbeidsfase til selve strategiarbeidet, og arbeidet med å innhente informasjon om forventninger og behov fra våre omgivelser er i gang. Selv om fakultetene enda ikke formelt sett er etablert er ulike samlinger i fakultetene også vært brukt/planlagt brukt til å forberede strategiarbeidet. Det gjelder ledersamlinger, forskningsledersamling og seminarer.

Som styret er kjent med er eksterne samarbeidspartnere og interessenter i de tre nærregionene invitert til dialogmøter der de kan komme med innspill til strategien og til hvilken rolle Høgskulen på Vestlandet bør ha. Invitasjonene har gått ut bredt til samarbeidspartnere, statlige og kommunale forvaltningsorgan og næringslivsforeninger og lignende. Vertskap for møtene er prorektorene i de tre nærregionene. Møtene finner sted i overgangen november/desember, og styret vil få en muntlig orientering om de møtene som er avholdt 27. november i nærregion Sogn og Fjordane og 23. november i nærregion Stord-Haugesund i styremøtet (møtet i nærregion Bergen avholdes 11. desember).

Styreseminar:

I tråd med tidsplan for strategiprosessen (sak 061/17) er styret og strategigruppa invitert til styreseminar 29. november. Tema for seminaret er Oppdrag, visjon og verdier, samt tverrgående synergiområder. Arbeidsformen i seminaret vil være presentasjoner, gruppearbeid og diskusjon.

Oppdrag, visjon og verdier

I rapport «fagleg plattform, profil og strategi» (sak 011/17) er det foreslått en visjon som tar utgangspunkt i føringene i fusjonsavtalen:

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein fleircampus profesjons- og arbeidslivsretta høgskule som skal medverke til ei kunnskapsbasert utvikling regionalt, nasjonalt og globalt. Vi skal utnytte breidda ved våre fem campus til å vere tett på studentane og dei sektorane vi utdannar kandidatar til, samarbeider med og driv forskning om.

HVL skal vere kjende for å ha svært nøgde studentar som trivast og lukkast. HVL skal utvikle og dele forskning av høg internasjonal kvalitet, og verte ein stor, tydeleg og synleg høgare utdannings- og forskingsinstitusjon.

Det er eit mål for HVL å bidra til auka verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet. Verksemda vår skal vere prega av høg etisk standard og akademisk fridom

Relevante spørsmål i denne fasen av strategiprosessen er knytta til det strategiske fundamentet - Samfunnsoppdrag, visjon, formål og verdier: Hva betyr det for oss i praksis? Hvordan kan visjon og verdier være av betydning for organisasjonen vår?

I styreseminaret vil det bli satt av tid til å diskutere disse spørsmålene og HVL sin visjon, og å starte på etableringa av en verdiprofil. I tillegg blir det satt av tid til å diskutere veien videre i strategiprosessen og en forventningsavklaring mellom strategigruppa og styret.

Tverrgående synergiområder:

I styreseminaret vil professor Knut Steinar Engelsen presentere arbeidet som er gjort om tverrgående synergiområder.

Rapport «faglig plattform, profil og strategi» inkluderte tverrgående synergiområder. Følgende vedtak ble gjort da rapporten (sak 011/17) ble lagt fram for styret:

Styret tek rapporten Faglege plattform, profil og strategi til vitande.

Styret legg skildringane av plattform og profil (kap 2 og 3) og forslag til operasjonalisering av mål og prioriteringar (kap 6) til grunn for det vidare strategiarbeidet ved HVL.

Styret legg til grunn at arbeidet med å utvikle tverrgående synergiområde skal stå sentralt i strategiutviklinga ved HVL. I samband med strategiprosessen skal følgjande tverrgående synergiområde greiast ut:

1. Berekraftig utvikling og sikkerheit
2. IKT som mulegheitsområde
3. Ansvarleg innovasjon og regional omstilling

I tillegg skal tre nye tverrgående synergiområde knytt til omgrepa Danning og Brukarmedverknad, og Profesjons- og arbeidslivsprofil i tråd med fusjonsplattforma leggjast til utgreiinga.

Styret bad om at punkt 5 og 6 i rapporten kjem attende til styret i eit seinare møte, då med større vekt på HVL si bachelor-utdanning. Styret bad om at ein i det vidare strategiarbeidet ser på om entreprenørskap og innovasjon vert tilstrekkeleg ivareteke.

For å følge opp arbeidet med de tverrgående synergiområdene og styrevedtaket 11/17 ble det nedsatt en arbeidsgruppe som fikk følgende mandat: «[...]Utrede vidare innhald og forståelse av begrepene, hvilke potensielle faglige synergier som finnes, og hvordan disse kan synliggjøres i strategi, profil og praksis ved HVL. Arbeidsgruppen skal se de tverrgående synergiområdene i sammenheng.»

I rapporten lagt fram i sak 11/17 ble det gjort en foreløpig utredning av de tre tverrgående synergiområdene *bærekraftig utvikling og sikkerhet*, *IKT som mulighetsområde*, og *ansvarlig innovasjon og regional omstilling*. I tillegg er området *et profesjons- og arbeidslivsretta universitet* utredet i forbindelse med styresak 056/17 om universitetsambisjonen. Begrepene *danning og brukarmedvirkning* gjenstår å bli utredet. Arbeidsgruppa skal levere sin rapport i midten av november, og denne skal brukes som grunnlag for det videre arbeidet med strategien.

Avslutning

Styret inviteres til å komme med innspill til momenter knyttet til temaene for styreseminaret som strategigruppa bør legge særlig vekt på i det videre arbeidet.



Arkivsak-dok. 17/11509-1
Saksbehandler Svein Ove Eikenes

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

091/17

**OPPRETTING AV RÅD FOR SAMARBEID MED ARBEIDSLIVET
(RSA) VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET**

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek å opprette eit institusjonelt RSA frå 1.1.2018 i tråd med vurderingane i saka.

Sammendrag

Styret blir bedt om å opprette eit Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) på institusjonsnivå i HVL.

RSA er ein strategisk samhandlingsarena kor HVL på overordna nivå skal styrke, vidareutvikle og synleggjere samarbeidet med arbeidslivet om viktige saker og tema med spesiell relevans for Vestlandet innan utdanning, forskning og kompetanse – sett i lys av morgondagens internasjonale arbeidsliv og målet om livslang læring.

Vedlegg:

Saka har ikkje vedlegg.

Saksframstilling:

I Stortingsmelding nr. 44 2008-2009 blei det føreslått at høgare utdanningsinstitusjonar skulle opprette Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). I tildelingsbrevet for 2011 blei institusjonane pålagd å opprette eit RSA.

Alle dei tre nærregionane har hatt RSA i virke gjennom fleire år. Erfaringane viser at dette har vore viktige strategiske samhandlingsarenaer, samstundes som ein og kan seie at RSA har potensial til å skape fleire konkrete resultat.

Til liks med RSA ved andre institusjonar i sektoren, har dei tre tidlegare råda i nærregionane vore litt ulike både når det gjeld kompetansesamansetting, talet på medlemmer, representasjonsnivå og saksomfang. Men det har og vore ein god del samanfall i måten RSA har vore organisert på og kva slags saker og tema som har vore handsama.

Samstundes ser ein at dei ulike nærregionane har ulike behov, ulikt arbeidsliv og ulike samhandlingsaktørar å forhalde seg til, særleg på politisk nivå. Der ein i nærregion Stord/Haugesund har vore delt mellom to fylke har ein i nærregion Sogn og Fjordane vore einaste høgskule i sitt fylke, og såleis innretta sitt RSA deretter. Alle tre nærregionane har hatt toppleiarar med beslutningsmynde inne som medlemmer.

Erfaringane frå dei tidlegare høgskulane stemmer også godt overeins med oppsummeringa i NIFU sin rapport frå i vår:

Kompetansebehovene i regionene har vært et viktig tema i RSA-enes diskusjoner om samarbeid. Flere institusjoner har gått i retning av å involvere regionale aktører mer i RSA og RSA-tilknyttede organer, mens nasjonale aktører har fått en redusert rolle.

NIFUs vurdering er at ordningen har potensial til å skape flere konkrete resultater dersom den videreføres og videreutvikles. Forskernes anbefaling er derfor å videreføre ordningen. Universiteter og høyskoler bør fortsatt gis stor frihet til å tilpasse ordningen lokalt.

Når ein skal teikne RSA-kartet på ny i HVL er det interessant å sjå til korleis andre fleircampusinstitusjonar organiserer dette arbeidet. Ei kartlegging viser at det er ulike modellar, og at kvar enkelt institusjon må finne si form. Mange omsyn skal vegast mot kvarandre, og det er ei svært krevjande øving å finne ein god RSA-modell i fleircampusinstitusjonar. Mange av institusjonane går på tvers av fylke og andre regionale samarbeidsstrukturer og nettverk.

Slik sett er RSA ein strategisk samhandlingsarena som over tid må finne si form både i organisering og innhald.

Det er to hovudmodellar som skil seg ut:

- 1) Den tradisjonelle modellen: Her samlar ein sentrale beslutningstakarar frå offentleg og privat verksemd på toppleiarnivå innanfor institusjonen sitt nedslagsfelt.
- 2) Tematisk modell: Her organiserer ein seg rundt tematiske felt og koplar sentrale beslutningstakarar opp som medlemmer. Samansetninga ivaretek interne og

eksterne geografiske og tverrfaglege omsyn.

Til dømes opererer NTNU med tre tematiske RSA på overordna institusjonsnivå: Teknologi og næringsliv, Helse og helselatert teknologi, Skole, kultur og velferd. Representantane i råda er oppnemnt av rektor, og dei representerer ulike fagmiljø ved NTNU, ulike deler av arbeidslivet og dei ulike regionane NTNU har campus i.

Når det gjeld RSA-ane sitt mandat og formål er det mykje samanfall i sektoren. RSA skal vere ein arena og møteplass for dialog mellom institusjonen og arbeidslivet, og dei skal ha både regionalt, nasjonalt og internasjonalt fokus. Dei skal bidra til å utvikle og styrke institusjonen sin kontakt og samarbeid med arbeidslivet. Dei fleste institusjonane har utvikla ein strategi for samarbeid med arbeidslivet med tilhøyrande handlingsplan.

RSA vert i stor grad leia av rektor, har møtefrekvens på 2-3 møter i året, har virketid på 3-4 år, har mellom 10-14 medlemmer, og har administrativ støtte frå Kommunikasjon og Samfunnskontakt og EVO.

I fleire av RSA-ane deltek dekanar eller andre faglege leiarar på møta for å sikre god fagleg kopling i lina.

Vurdering:

Etableringa av RSA i HVL må ein sjå i fleire trinn. I denne omgang legg ein fram ei sak for styret med mål om å skipa eit institusjonelt RSA frå 1.1.2018.

I neste omgang bør ein greie ut korleis eit slikt institusjonelt RSA kan stå saman med andre strategiske samhandlingsarenaer. Det vere seg både institusjonelle og regionale samhandlingsarenaer, og der i blant eigne RSA i nærregionane.

Eit anna viktig moment er å sjå eit nytt institusjonelt RSA også opp i mot fakulteta, då dette heng tett saman med den øvrige råd- og utvalsstrukturen som er under utvikling i HVL.

Modell, oppgåver, rolle og avgrensing:

RSA er lagt inni HVL sin utviklingsavtale som eit tiltak for å oppnå at:

Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfaglig samarbeid er berande element.

Og i Fusjonsavtalen står det:

HVL skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen.

HVL skal styrka samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen

Ei anna viktig føring for organiseringa av RSA er universitetsambisjonen. Profesjons-utdanningane og den nære praksiskoplinga til arbeidslivet rundt oss på Vestlandet er

eit fundament som HVL bygger universitetsambisjonen på. HVL skal bli eit universitet med arbeidslivsretta profil. Det forpliktar, og gir tydelege signal om innretning når det gjeld kompetanse og medlemmer.

Med HVL som dekker tre nærregionar og fem studiestader kan det vere fornuftig å tenke litt nytt når det gjeld innretninga av RSA. Ein viktig premiss for HVL sitt RSA er ambisjonen om å vere ein utviklingsaktør som skal styrke heile Vestlandet. Det peiker i retning av eit institusjonelt RSA som har Vestlandet øvst på agendaen.

Som nemnt er det utfordrande at HVL går på tvers av tre fylke og andre regionale samarbeidskonstruksjonar. Samtidig opnar det eit nytt rom og nye moglegheiter.

Gjennom eit overordna institusjonelt RSA får HVL høve til:

- å binde saman HVL og Vestlandet innad og utad
- å bygge god tverrfagleg samhandling på tvers av alle nærregionar og campus
- sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt
- forløyse ein større fagleg kraft i samhandlinga med arbeidslivet for å møte alle omstillings- og endringsbehova som vil komme

Det kan og vere klokt å legge opp til møter i RSA der større faglege tematikkar blir det organiserande prinsipp som ivaretek geografi og kompetanse på tvers. Tematikkar vil endre seg, slik at innspel må bli godt «tima» og relevante inn mot alle sider av verksemda vår.

Viktige stikkord for tema er signala vi finn i utviklingsavtalen, i fusjonsavtalen og i vår kommande faglege tverrgåande profil og strategi. Noko veit vi allereie – då nokre område og satsingar ligg klare: Entreprenørskap, innovasjon, tverrfagleg verksemd, vestlandsk kultur, eit internasjonalt arbeidsliv, eit digitalisert arbeidsliv, eit berekraftig arbeidsliv, eit delingssterkt arbeidsliv med klynger, og eit etisk arbeidsliv.

Det unike med HVL er at ein i stor grad bind saman deler av Vestlandet. Å kople inn fylka tettare enn før vil gi oss ein god moglegheit til å vere tett på nærregionane og heile nedslagsfeltet vårt. Eit slikt grep vil og skilje oss frå dei andre institusjonane på Vestlandet.

Ut i frå vurderingane over føreslår rektor etableringa av RSA slik:

Frå 1.1.2018 oppretter HVL eit institusjonelt RSA med følgjande rolle, mandat, avgrensing og samansetting:

- RSA er ein strategisk samhandlingsarena kor HVL på overordna nivå skal styrke, vidareutvikle og synleggjere samarbeidet med arbeidslivet om viktige saker og tema med spesiell relevans for Vestlandet innan utdanning, forskning og kompetanse – sett i lys av morgondagens internasjonale arbeidsliv og målet om livslang læring.
- RSA er eit rådgjevande organ for rektor, og medlemmene vert oppnemnt av rektor.

- Rådet vert oppretta for tre år av gongen, og møtast 2-3 gonger årleg. Rektor leiar rådet.
- Rådet skal ha 10-12 medlemmer med kompetanse innan eit breitt spekter av arbeidslivet som er relevant for HVL. Det skal vere medlemmer frå dei tre fylka, partane i arbeidslivet, frå næringslivet, offentleg verksemd, kultur - og organisasjonslivet, utdanningssektoren og studentane. I oppnemninga må ein unngå å dublere roller og funksjonar, og unngå å leggje beslag på dei same personane som alt er inne på ulike strategiske samhandlingsarenaer, sjølv om det også kan vere føremålstenleg med noko overlapp.
- Rådet utarbeider ein strategi for samarbeid med arbeidslivet.
- Prorektor for samhandling er sekretariat for rådet. HVL si leiing deltek på møta når det er relevant.



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/08577-14
Saksbehandler Trine Meling Stokland

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato 30.11.2017

092/17

UTKAST ÅRSPLAN 2018

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar saka til vitande.
2. Innspela frå styret blir tekne med i det vidare arbeidet.
3. Planane til fakulteta og fellestenestene skal vere forankra i måla og dei overordna tiltaka i årsplanen til HVL.
4. Styret vedtek endeleg årsplan for HVL i mars 2018.
5. Rektor godkjenner årsplanane til fakulteta og fellestenestene. Styret får desse til orientering.

Samandrag:

HVL skal sende Årsrapport inkl. årsplan for 2018 til KD innan 15.mars 2018.
I denne saka blir det blir lagt fram eit utkast til årsplan som vil være retningsgivande for det vidare arbeidet.

Vedlegg:

Prosess og utkast årsplan 2018 inkl. styringsparameter

Utrykt vedlegg:

[Sak 81/17: Status årsplan 2017](#)

Bakgrunn

I tråd med UH-lova § 9-2 skal styret

- trekke opp strategien for institusjonen si utdannings- og forskingsverksemd og anna fagleg verksemd og leggje planar for den faglege utvikling i samsvar med dei mål som er gitt av overordna myndigheit for sektoren.
- fastsetja mål og resultatkrav og har ansvaret for at institusjonen sine økonomiske ressursar og eigedom vert disponert i overeinskomst med føresegner om dette gitt av overordna myndigheit, og etter føresetnader for tildelingar eller andre bindande vedtak.

Per 01.01.18 har HVL inngått ei utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet (sjå sak O-11/17-4). Denne blir ein del av tildelingsbrevet til høgskulen saman med sektormål og nasjonale styringsparameter¹. Vidare er fusjonsavtala framleis eit førande dokument for val av mål i 2018, slik som i 2017.

Utarbeiding og gjennomføring av årsplanarbeidet i 2018 skjer parallelt med iverksetjing av ny organisasjon og utvikling av strategi på institusjons- og fakultetsnivå. Ei skisse over prosessen for arbeidet med årsplan inkludert koplinga til dei parallelle prosessar for strategi og utviklingsavtale, er lagt som vedlegg til saka.

Rektor legg i denne saka fram ei vurdering av risiko og satsingar for HVL og foreslår ut i frå dette eit utkast til årsplan 2018. Utkastet vil vere eit utgangspunkt for vidare operasjonalisering og konkretisering på institusjons- og fakultetsnivå fram mot fastsetjing av endeleg årsplan i mars 2018. I tillegg er utkast til årsplan føringar frå styret knytt til budsjett disponering. I budsjett-forslaget for 2018 (sak 93/17) er det gjort koplingar mellom strategisk modul og SAKS-midlar og årsplan.

Risiko- og satsingsområde for HVL

Rektor har diskutert kva område det er knytt risiko til for HVL si verksemd i 2018 med strategisk leiargruppe. Styret vil bli invitert til gjere ordinære og meir metodiske risikovurderingar i løpet av strategiprosessen.

Rektor peiker særleg på risikoen for manglande økonomisk handlingsrom som det største risikoområdet for HVL. Her er svikt i studentgrunnlaget og svikt eller stillstand i dei eksterne inntektene sentrale risikoområde.

Studentane er den viktigaste ressursen for HVL. Det er frå studentaktiviteten vi får inntekter som kan gi handlingsrom til andre satsingar. Universitetsambisjonen krev kvalitet på alle utdanningsnivå, og arbeidet med å auke kvaliteten på utdanningane må halde fram.

¹ Sjå Orientering om forslag til statsbudsjettet 2018 for universitet og høgskolar:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/fd3d8dd3cddf489fb8406684777d6604/orientering-om-forslag-til-statsbudsjettet-2018-for-universiteter-og-hogskolar.pdf>

Sviikt eller stillstand i dei eksterne inntektene kan og truge det økonomiske handlingsrommet, deriblant mulegheita til å halde opp ei tilstrekkeleg satsing på FoU, kompetanseheving og stipendiatstillingar. Vi har ikkje tilstrekkeleg med eigne ressursar til å kunne finansiere alt dette innanfor ordinær ramme.

For å sikre økonomisk handlingsrom og mogelegheit til å prioritere tiltak knytt til utviklingsavtale, universitetsambisjon og andre langsiktige strategiske satsingar, må vi difor ha fokus på aktivitetar som sikrar og aukar dei viktigaste inntektskjeldene – deriblant studentrekruttering, studiepoengproduksjon/gjennomstrøyming/kandidatproduksjon og eksternfinansierte prosjekt.

Gjennomstrøyming i Ph.D.-programma, tal på stipendiatstillingar og det at vi ikkje greier å målrette bruken av eigne stipendiatstillingar inn mot eigne Ph.D.-program er òg risikoområde som kan ha alvorleg konsekvens, særleg med omsyn til målet om å verte universitet. Det er og peikt på risikoen for at HVL ikkje oppnår dei formelle kompetansekrava til dei ulike utdanningsnivåa. Sannsynet for at dette vil skje, vil nok være litt ulik på tvers av fakulteta, men har en alvorleg konsekvens for heile HVL.

Fleire stipendiatstillingar er ein kritisk suksessfaktor i det vidare arbeidet. I tillegg må HVL jobbe med å dreie ein større del av FoU-aktiviteten inn mot eigne doktorgradsområde.

Utover dette er rektor oppteken av at vi framleis må ha fokus på tiltak som skal bidra til effektiv ressursbruk, god infrastruktur og utvikling av HVL som organisasjon. Rektor og strategisk leiargruppe framhevar særleg satsing på digitalisering som ein kritisk suksessfaktor for å kunne drive organisasjonsutviklingsarbeidet vidare, for å kunne samkøyre utdanningar, gjennomføre FoU-aktivitet på tvers av campus og ikkje minst ta i vare den regionale rolla.

Den regionale rolla er ein heilt sentral del av HVL sin profil. Rektor meiner HVL må vere merksame på risikoen for ubalanse mellom å ta i vare nær-regionane og det å bygge ein samla organisasjon med mulegheit til å hente ut synergjar. Det er viktig at dei regionale fortrinna som dei gamle institusjonane hadde blir tekne vare på, samstundes som ein klarar å hauste synergjar på tvers av nær-regionane, orientere oss internasjonalt, omstille oss og bygge ein effektiv organisasjon. Det er derfor særst viktig at HVL mestrar å ha eit utoverretta blikk og kunne fange opp lokale behov, men samtidig stå fram som ein effektiv organisasjon med ein tydeleg myndigheitsstruktur og leiing.

Mellombels planstruktur og utkast årsplan for 2018

HVL har ikkje vedteke ein strategiplan og korleis planstrukturen blir framover må vurderast i samband med dette arbeidet.

HVL sin årsplan for 2017 har seks mellombelse verksemdsmål som alle er basert på fusjonsavtala. Styret blei orientert om status for 2017 årsplanen i sak 81/17. Arbeidet er på ingen måte avslutta og rektor meiner at verksemdsmåla må vidareførast i 2018 fram til HVL har vedteke ein strategi.

Under kvart av dei seks verksemdsmåla er det satt forslag til *overordna* tiltak der nokre er heilt eller delvis vidareført frå 2017, medan andre er nye. Dei nye forslaga baserer seg på rektor si vurdering av risiko (sjå seinare avsnitt), innspel og signal frå styret og tilbakemeldingar frå vår eigar. Det må jobbast vidare med konkretisering av desse tiltaka i fakultet og fellestenester.

Frå 1.1.18 trer og utviklingsavtala med KD i kraft. Per no er dei sju utviklingsmåla frå avtala plassert inn under verksemdsmåla i årsplanen. Korleis utviklingsmåla skal forankrast i den framtidige målstrukturen for høgskulen må diskuterast nærmare i strategiprosessen.

I det vidare følger utkast til årsplan med verksemdsmål, utviklingsmål og forslag til *overordna* tiltak for 2018. Vedlagt til saka ligger det i tillegg eit utkast til årsplan som og inkluderer nasjonale styringsparameter, samt måleparameter og milepålar frå utviklingsavtala.

Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla institusjon

Overordna tiltak 2018:

- Ferdigstille og sette i verk heile den faglege og administrative organisasjonsstrukturen
- Satse på leiarutvikling for å ruste nye leiarar for utfordrande oppgåver i ei ny organisasjon
- Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering med vekt på infrastruktur, systemtilrettelegging og digital kompetanseheving for å sikre effektive administrative prosessar, felles praksis og betre samhandling
- Gjennomføre strategiprosess på institusjons- og fakultetsnivå

Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet

Overordna tiltak 2018:

- Kartlegge utdannings og kompetansebehova i Vestlandsregionen, for å få større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor

Utviklingsmål 2018-2020

- *Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfaglig samarbeid er berande element.*
- *HVL vil stimulere til økt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.*

Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen

Overordna tiltak 2018:

- Legge til rette for å auke den eksternt finansierte verksemda for å styrke FoU arbeidet, bygge nettverk og skape eit større økonomisk handlingsrom til satsingar som er relevante for universitetsambisjonen
- Jobbe for å auke talet på stipendiatstillingar og målrette bruken av rekrutteringsstillingar inn mot eigne Ph.D. program

Utviklingsmål 2018-2020

- *HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggjast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.*
- *HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.*

Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute

Overordna tiltak 2018:

- Intensivere satsinga på EU og Horisont 2020
- Legge til rette for å auke den internasjonale mobiliteten i utdanningane, spesielt Erasmus

Verksemdsmål 5: HVL skal ha ein av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge

Overordna tiltak 2018:

- Halde fram satsinga på ny grunnskulelærerutdanning (GLUP)

Utviklingsmål 2018-2020

- *HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.*

Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

Overordna tiltak 2018:

- Gjennomgå studieporteføljen og lage ein plan for samordning av utdanningar for å utnytte fusjonsgevinstar.
- Vidareføre og vidareutvikle tiltak for å auke gjennomstrøyming og redusere fråfall i utdanningane fusjonsgevinstar
- Arbeide målretta og systematisk med studentrekruttering til alle dei fem campusane
- Følgje opp Kvalitetsmeldinga frå KD

Utviklingsmål 2018-2020

- *HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengelege for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.*
- *HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.*
- *HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.*

Rektor si vurdering

HVL er inne i ein fase der mykje tid og merksemd går til å bygge ein ny organisasjon og det blir gjort ein enorm innsats i alle delar av organisasjonen for å få til dette.

Sjølv om alle brikkene i den nye organisasjonen ikkje er komne på plass, og sjølv om HVL ikkje har vedteke ein strategi enno, må HVL halde trykket oppe på viktige strategiske område. Utviklingsavtala med KD, HVL sin ambisjon om å verte eit universitet i 2023 og andre interne og eksterne krav og forventningar til oss som høgskule, gjer at vi ikkje kan vente med å jobbe vidare med viktige tiltak.

Rektor meiner at utkastet til årsplan er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeide med ein endeleg årsplan. Måla og dei overordna tiltaka svarar godt på utfordringane som HVL står i, utan at den legg for sterke føringar i det kommande strategiarbeidet.

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Utkast til årsplan HVL 2018 inkl. styringsparameter

Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla institusjon

Overordna tiltak 2018	Nasjonale styringsparameter ¹
Ferdigstille og sette i verk heile den faglege og administrative organisasjonsstrukturen	Prosentdel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (nasjonalt styringsparameter)
Satse på leiarutvikling for å ruste nye leiarar for utfordrande oppgåver i ei ny organisasjon	
Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering med vekt på infrastruktur, systemtilrettelegging og digital kompetanseheving for å sikre effektive administrative prosessar, felles praksis og betre samhandling	
Gjennomføre strategiprosess på institusjons- og fakultetsnivå	

¹ I det vidare arbeidet må det vurderast fleire parameter utover nasjonale styringsparameter

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet.

Overordna tiltak 2018	
Kartlegge utdannings og kompetansebehova i Vestlandsregionen, for å få større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor	
Utviklingsmål KD 2018-2020	Måleparameter eller milepålar
Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfaglig samarbeid er berande element.	• Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid • Aktive <i>Råd for samarbeid med arbeidslivet</i> (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar
HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep	• Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga) • Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus • Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet • Talet på delte stillingar med arbeidslivet • Prosentdelen masterkandidatar sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning (nasjonalt styringsparameter)

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Verksamds mål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen

Overordna tiltak 2018	Nasjonale styringsparameter
Legge til rette for å auke den eksternt finansierte verksemda for å styrke FoU arbeidet, bygge nettverk og skape eit større økonomisk handlingsrom til satsingar som er relevante for universitetsambisjonen	• Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per faglege årsverk (1000 kr) (nasjonalt styringsparameter) • Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr) (nasjonalt styringsparameter)
Jobbe for å auke talet på stipendiatstillingar og målrette bruken av rekrutteringsstillingar inn mot eigne Ph.D. program	• Prosentdel uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (nasjonalt styringsparameter) • Forskingsinnsats i MNT-fag (nasjonalt styringsparameter)
Utviklingsmål KD 2018-2020	Måleparameter eller milepålar utviklingsavtala
HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggjast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.	• Talet på førstekompetente, professorar og dosentar • Talet på internasjonale professor II-stillingar • Talet på offentleg ph.d og nærings ph.d i doktorgradsprogramma • Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar (nasjonalt styringsparameter) • Tal publiseringspoeng per fagleg årsverk (nasjonalt styringsparameter)
HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.	• Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet • Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.

Overordna tiltak 2018	Nasjonale styringsparameter ²
Intensivere satsinga på EU og Horisont 2020 (vidareført frå 2017)	• Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk (i tusen Euro) (nasjonalt styringsparameter)
Legge til rette for å auke den internasjonale mobiliteten i utdanningane, spesielt Erasmus (vidareført frå 2017)	• Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar Erasmus av totalt tall studentar (nasjonalt styringsparameter)

Verksemdsmål 5: HVL skal ha ein av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge

Overordna tiltak 2018	
Halde fram satsinga på ny grunnskulelærerutdanning (GLUP) ³	
Utviklingsmål KD 2018-2020	Måleparameter eller milepålar
HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen om lærerutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare	• Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB

² I det vidare arbeidet må det vurderast fleire parameter utover nasjonale styringsparameter og måleparametrane i utviklingsavtala.

³ Må konkretiserast ilt vidare prosess

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

Overordna tiltak 2018	Nasjonale styringsparameter
Gjennomgå studieporteføljen og lage ein plan for samordning av utdanningar for å utnytte fusjonsgevinstar	Kandidattal på helse-, sosial og lærerutdanningar (nasjonalt styringsparameter)
Vidareføre og vidareutvikle tiltak for å auke gjennomstrøyming og redusere fråfall i utdanningane	- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (nasjonalt styringsparameter) - Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomførte på normert tid (nasjonalt styringsparameter) - Prosentdel studentar på masterutdanning som gjennomførte på normert tid (nasjonalt styringsparameter) - Tal studiepoeng per faglege årsverk (nasjonalt styringsparameter)
Arbeide målretta og systematisk med studentrekruttering til alle dei fem campusane	- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (nasjonalt styringsparameter) 1.priorietsøkjarar per studieplass
Følgje opp Kvalitetsmeldiga frå KD	
Utviklingsmål KD 2018-2020	Måleparameter eller milepålar
HVL sine utdanningar skal vere FoU-baserte med ei klar merksemd på profesjonsforståing. Utdanningane skal vere innretta slik at studentar og kandidatar kan bidra til kvalitetsforbetring, innovasjon og berekraftig verdiskaping i samfunnsliv, næringsliv og offentleg	- Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar - Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

sektor. HVL si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten, og skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling og utvikle framtidsretta utdannings-, arbeids- og læringsfellesskap. Høgskulen på Vestlandet skal imøtekome og vere tett på trendane, behova og dei nye teknologiane ein ser innanfor høgare utdanning	
HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.	• Talet på nettstøtta utdanningar • Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

Prosess for arbeidet med årsplan 2018⁴

Tidspunkt	Plan- og budsjettprosess/ <i>parallele prosessar med føringar på plan og budsjett</i>
15.juni	<i>Styret handsamer Rapport om Universitetsambisjonen</i>
31.august	<i>Styret vedtek revidert utviklingsavtale Styret blir orientert om tilbakemeldingane frå etatsstyringsmøte</i>
8.august	Strategisk leiargruppe diskuterer/vedtek mellombels prosess for plan, budsjett og studieporteføljen
15. august	Bestilling ang. innspel til årsplan og budsjett 2019 (til KD) blir sendt til strategisk leiargruppe
31.august	<i>Styret vedtek plan for strategiprosess Styret vedtek revidert utviklingsavtale</i>
27.september	<i>Strategiseminar i styret: Digitalisering og regional rolle</i>
28.september	<i>Styret vedtek budsjettfordelingsmodell Styret blir orientert om revidert utviklingsavtale</i>
3.oktober	Strategisk leiargruppe: Diskusjon rundt risiko- og satsingsområde i plan 2018.
10.oktober	<i>Rektor og styreleiar møter KD om utviklingsavtale</i>
25. oktober	Styret blir orientert om status for årsplan 2017 <i>Styret blir orientert om møte med KD og nye endringar i utviklingsavtala</i>
29.november	<i>Strategiseminar i styret; Oppdrag, visjon og verdier. Tverrgående synergiområde</i>

⁴ Parallele prosessar kring arbeid med strategi, utviklingsavtale mm. er inkludert i oversikta (merka i kursiv).

Prosess og utkast til årsplan HVL 2018

30.november	Styret vedtek budsjett og utkast til årsplan for 2018 <i>Styret blir orientert om endeleg utviklingsavtale</i>
Desember	<i>Statsbudsjettet 2018 blir vedteke og HVL får tildelingsbrev frå KD inkl. utviklingsavtala</i> <i>Strategimøte med regionale samarbeidspartnarar frå samfunns- næring og arbeidsliv.</i>
Desember og januar	Prosess i fakultet og fellestenester - konkretisering av tiltak knytt til målområda/måla i årsplan, og tiltak for strategiske tildelingar <i>Strategiarbeid held fram (strategisk analyse og prioriteringar)</i>
Primo februar	Styringsdialog rektor og medlemmer av strategisk leiargruppe <i>Eablering av strategigrupper og igangsetting av strategiprosess på fakulteta</i>
Innan 15.februar	Fakulteta og fellestenester har klar utkast til eigne årsplanar
Innan 15.mars 2018	Styret vedtek Årsrapport inkl. årsplan for HVL for 2018
Vår/haust 2018	<i>Strategiprosess held fram på institusjons- og fakultetsnivå</i>



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/10061-18
Saksbehandler Kirsten Bakken

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

093/17

BUDSJETT 2018

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek foreløpig budsjett for 2018 med fordeling av HVL si foreløpige KD-tildeling for 2018, jfr. Vedlegg 2.
2. Styret vedtek revidert budsjett i mars etter endeleg tildeling er gitt i tildelingsbrev frå KD.
3. Rektor får fullmakt til å disponere tildelingane frå KD i 2018.

Samandrag

I denne styresaka er det foreslått intern fordeling av forslag til HVL si KD-ramme for 2018. Dei samla vurderingane som følgjer under er eit samandrag av føringar og hovudprioriteringar som er foreslått for budsjett 2018.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Saksframlegg

Vedlegg 2: Oversikt over hovudfordelingane av KD-ramma 2018 og oversikt over rammefordelingar inkl. øyremerka tildelingar til fakulteta

Vedlegg3: Oversikt budsjett/økonomiprosess og årsplan

Bakgrunn

I forslag til statsbudsjett for 2018 ligg rammetildeling til Høgskulen på Vestlandet med ei nominell auke i tildelinga på 99 mill kr , som tilsaman gir ei ramme på 1 893 mill kr. Styresak om budsjett 2018 er grunnlag for vedtak om intern fordeling av tildelinga frå KD.

Vurdering

Viser til vedlagte saksframlegg, vedlegg 1, som gir ei meir heilhetleg framstilling av føresetnadar, hovudprioriteringar og rektors vurderingar.

Dei overordna vurderingane til rektor er at 2018 blir eit konsolideringsår både for administrasjonen og fakulteta i høve til organisering, samla ressursar og økonomiske rammer, og på denne måten planlegge inn mot 2019. Det er viktig å få oversikt og kontroll, og tilpasse aktivitet og ressursar i høve til rammene. I 2018 skal HVL legge grunnlaget for å hente ut fusjonsgevinster både fagleg og administrativt inkludert effektivisering. Rektor legg ikkje til grunn at KD sitt effektiviseringskutt i ramma skal knyttast til spesielle område i organisasjonen, kuttet blir tatt generelt på HVL si ramme.

Våren 2018 skal alle administrative stillingar vurderast i innplasseringsprosjektet. Som del av dette vil rektor legge til grunn ei heilhetleg vurdering av behov for administrative ressursar. I utgangspunktet meiner rektor at dette kan gjerast innanfor ei ramme i 2018 som er uendra frå 2017. Auka husleige i 2020 som følgje av Kronstad II er foreslått innfasa i budsjettet med 5 mill kr i 2018. Utover dette foreslår rektor ein reserve/ufordelt ramme i budsjettet på 20 mill kr. Rektor vil i utgangspunktet vere restriktiv med å foreslå å bruke denne.

Dette er vesentleg pga at KD-ramma kan bli endra i behandlinga i Stortinget, SAKS-midlane kan bli anleis enn stipulert og det er viktig å ha eit lite handlingsrom inn mot 2019. Samla blir tildelingane til fakulteta auka med 73 mill kr (inkl. delvis pris- og lønnsstigning). Ved bruk av budsjettfordelingsmodellen blir faktisk produksjon i KD sine indikatorar lagt til grunn, og elles blir fakultetsrammene prioritert ekstra pga at basisfinansieringa til fellesmidlar og administrasjon er tilnærma uendra.

SAKS-tildeling er stipulert til 15 mill kr og rektor foreslår disponering til OU-tiltak, digitalisering og elles konkret pågåande fusjonsarbeid/systemkostnader. Strategiske midlar er foreslått til 45 mill kr, som i stor grad er knytt til etablerte tilskot/støtteordningar til senter, PhD-utdanningar, FOU, eigenfinansierte stipendiatar. Om lag 7,5 mill kr er heilt frie til styrets disposisjon.

Rektor syner til vedlegg 2 for oversikt over disponering.

Rektor legg til grunn at styret handsamar revidert budsjett inkl. ei samla vurdering av prioritering av avsetjingar i mars.

Vedlegg 1: Saksframlegg

1.1. Budsjett 2018 sett i samanheng med årsplan og studieportefølje

Utkast til årsplan som styret vedtek i sak 92/17 gir føringar for årsplan/tiltak i fakultet og støtte-/fellesfunksjonar, og er føringar frå styret knytt til budsjettdisponering. I budsjett-forslaget for 2018 er det gjort koplingar mellom strategisk modul og SAKS-midlar og årsplan.

I sak 92/17 Studieporteføljen for 2018/19 er det fordelt 205 KD-studieplassar som opptrapping av tidlegare tildelte studieplassar til fakulteta. Fordelinga av desse studieplassane og tidlegare tildelte KD-studieplassar til fakulteta er lagt til grunn for fordelinga av basismidlane til fakulteta.

1.2. Budsjett 2018 – prosessen ved HVL

Budsjett og årsplan har hatt samkøyrde prosessar i haust inn mot denne styrehandsaminga. Det vil vi fortsatt ha inn mot styrehandsaming i mars der endeleg årsplan blir vedteken, og der revidert budsjett/endeleg budsjett blir vedteken etter at rammene frå KD er klar og rekneskap for 2017 er avslutta. Sjå vedlegg 3.

1.3. Status budsjettsituasjonen for 2017

I intern økonomirapport som vart behandla i styret 25.oktober vart det informert om økonomistatus for nærregionane og felles HVL-budsjett. I grove trekk er dei delane av aktiviteten som er i nærregionane Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane om lag i tråd med desse budsjetttrammene. Felles HVL-budsjett og SAKS-midlar har besparingar, men her er det enkelte utsette aktivitetar, og også midlar som ikkje er fordelt eller reserve.

Nærregion Bergen viser i same rapport mindre forbruk enn budsjettert felles, mens fakulteta nyttar den ordinære ramma fullt ut i tillegg til tidlegare års avsetjingar (planlagt). Sjølv om dette er planlagt, så er aktiviteten ved avdelingane høgare enn ordinær 2017-ramme, og det er tilsetjingar som er gjort i 2017 som får heilårseffekt inn i 2018. Enkelte tilsetjingar er engasjement eller overlapp i stillingar, som gjer at aktiviteten nok kan justerast noko. Noko av kostnadene er også nytta til kostnader av meir eingongskarakter. Prognosen for rekneskapen i 2017 viser no eit antatt forbruk over ordinær ramme på 25 mill kr.

Når vi går inn i 2018 er situasjonen at realbudsjetterte område har kostnader noko under 2017-ramme, medan fakulteta har ein aktivitet over ramma.

1.4. Forslag til KD-ramme for 2018

Viser til styresak 25.oktober vedrørende forslag til statsbudsjett for 2018. Her er forslag til HVL si samla tildeling for 2018 med endringane :

Tabell 1: Statlig finansiering 2018, kap 0260 (alle tall i tusen kr)

Tildeling 2017	1 794 211
Kompensasjon for pris- og lønnsvekst	48 870
Videreføring av studieplasser	23 040
Videreførte rekrutteringsstillinger 2017	10 421
Videreføring av midler til innføring av nye rammeplaner for grunnskolelærerutdanningene	7 500
Budsjettreduksjon ifht. overgangsordning, tilpasning til ny finansieringsmodell	-4 771
Budsjettreduksjon ifht. tiltak for avbyråkratisering og effektivisering	-9 217
Budsjettreduksjon som følge av overgang til digital post	-311
Resultatuttelling åpen ramme	20 506
Resultatuttelling lukket ramme	2 605
Sum 2018	1 892 854

Dette inneber ei endring inkl. pris- og lønnsvekst på netto 99 mill kr . Ser ein bort frå pris- og lønnsvekst, vidareføring av rekrutteringsstillingar og midlar til innføring av nye rammeplanar for grunnskolelærerutdanningane, så er auken på 32 mill kr, som er 2% realvekst.

1.5. Forslag til hovudprioritering av KD-tildelinga

I forslag til statsbudsjett ligg det på nytt inne eit effektiviseringskutt i tildelingane til UH-sektoren, og det er også gjennomført ytterlegare tilpassing mot full innføring av ny finansieringsmodell. I forslag til budsjett har rektor lagt til grunn at dette blir tatt som eit generelt kutt i den totale ramma til HVL. Rektor meiner at organisasjonen må få satt seg før ein stiller konkrete krav til effektivisering som inneber kostnadsreduksjonar. 2018 blir eit år der ein organiserer seg, og legg grunnlaget for å ta ut fusjonsgevinstar inkludert effektivisering. Fusjonsgevinstar er i stor grad fokusert mot auka fagleg og administrativ kvalitet og profesjonalitet.

For å konsolidere ressursituasjonen og få etablert aktivitetsstyring i alle dei ulike nye budsjetteiningane legg rektor til grunn tilnærma uendra ressurstilgang til felles budsjetterte einingar. Det vil si at administrative stillingar/budsjett blir vidareført frå 2017 til 2018 slik at det blir gjort ei heilhetleg vurdering i innplasseringsprosjektet. Formålet er å konsolidere og få oversikt over samla ressursar før eventuelt

funksjonsplanar og strategiske målsettingar krev nye ressursar.

Fakulteta er nye og store einingar der det til dels er krevjande å drive ressursstyring, og det same vil gjelde her som for felles budsjetterte einingar, det er viktig å konsolidere, finne ut kor vi står i forhold til økonomiske rammer, ressursar og oppgåver. Jamfør avsnitt om økonomistatus for 2017, så er det tilsettingar i 2017 som får heilårseffekt i budsjettet i 2018. HVL er også tilført nye studieplassar der det skal etablerast studietilbod eller auka studenttal. Det er også utviklingsarbeid som er sett i gang. Dette betyr behov for auka rammer til fakulteta utan at det treng å gi rom for nyttilsettingar i 2018. Dette syner foreløpig budsjettarbeid i høve til å få oversikt på lønnsforpliktingar ved dei nye fakulteta.

I mangel av eit langtidsbudsjett, ikkje vedteke statsbudsjett og stipulert SAKS-tildeling, og elles all usikkerhet rundt ny organisasjon, meiner rektor vi må ha ein reserve/ufordelt ramme for å kunne justere oss inn mot budsjetttrammene og samla prioriteringar i 2019. Risikoen i forhold til samla ressurs- og økonomistyring er at vi elles aukar opp aktiviteten for mykje i 2018, som betyr nye heilårseffektar på lønn inn i 2019, som vil krevje auka ressursar som vi mogleg har eller ikkje har. Rammene for 2019 frå KD vil mest sannsynleg ikkje gå ned, men vi kan ikkje forskuttere stor realvekst som ikkje er kopla mot aktivitetskrav. Ei meir langsiktig disponering av avsetningar til strategiske formål vil bli vurderingar inn mot 2019-budsjettet og framover.

Rektor sin konklusjon er at ein del av veksten i budsjettet for 2018 blir sett av som ei reserve/ufordelt ramme på 20 mill kr. Likevel får fakulteta realvekst i budsjetta som er høgare enn endringa i årets KD-tildeling skulle tilsei.

Styret har vedtatt bygging av kurantbygg i Bergen, Kronstad II. Kurantordning betyr at auka husleige må dekkast innanfor institusjonen si ordinære driftsramme, og KD gir heller ikkje tilskot til utstyr. Det vedtekne kurantbygget vil medføre at vi i 2020/2021 vi ha ei auka husleige på ca 15 mill kr i høve til dagens husleigekostnader (2017-tal). For å få ei gradvis innpassing av desse auka kostnadene i framtidige budsjett foreslår rektor å starte avsetjing/frigjering av budsjetttramma i 2018 med 5 mill kr, og også gjere dette i 2019 og 2020. Desse midlane i 2018 bør primært avsetjast til utstyr til bygget. Avsetjinga til utstyr pr 2017 er for låg i høve til prosjektplanen.

1.6. Samordning av budsjettet og føresetnader

I utgangspunktet er utarbeiding av budsjett 2018 ei utfordring reint teknisk :

- Dei tre nærregionane sine budsjett skal omstrukturast inn i ny organisasjon, som berre delvis er klar

- Det tre nærregionane har nytta ulike prinsipp i forhold til avsetjingar og meir-/mindreforbruk
- Det har har vore ulike måtar å disponere ressursane på i dei tre nærregionane, som for eksempel fordeling mellom felles og fagavdelingar, same type tiltak kan vera strategiske tiltak eller ligge i ordinære budsjett osv.
- I høve til dei realbudsjetterte administrative budsjetta, så vil innplassering av tilsette våren 2018 føre til justering av budsjetta. Det same vil gjelde samordning av andre budsjett-tildelingar.
- Når fakultetsbudsjetta skal samordnast i detalj så vil ulike budsjett-/styringsløyseringar ved fagavdelingane i nærregionane gi nye utfordringar

Rektor vil derfor understreke at felles prinsipp for budsjett- og ressurstildeling innanfor ei mengde ulike område må jobbast systematisk med, men det er ikkje klart ved inngangen til 2018, og det vil derfor til dels vera vanskeleg å budsjettere og styre.

1.6.1. Føresetnader lagt til grunn i budsjettet for 2018:

- Vedtatt budsjettfordelingsmodell blir lagt til grunn for fordeling av ressursar til fakulteta, administrasjon, felles institusjonskostnader og strategiske midlar
- Det er fleire leiarar ved nærregionane som kjem til å ha 'fagleg fornying' etter leiarstilling i åremål i 2018. Sogn og Fjordane har sett av midlar til dette (i avsetjingane), og kan brukast for leiarar i frå denne regionen i 2018. Tilsvarende kostnader for leiarar frå dei to andre nærregionane må dekkast av aktuelt fakultet eller felleseining. Avsetjingsordning til slike kostnader framover blir vurdert. Det vil og vere mogleg å vurdere om ein skal bruka avsett reserve til dette formålet, då det er ein eingongskostnad og ikkje legg framtidige bindingar.
- Driftstilskot til senter blir vidareført som i 2017 i nærregionane i påvente av evaluering av senterstrukturen. Dette er del av strategisk modul.
- Driftstilskot til PhD-programma er inntil vidare ordninga som nærregion Bergen har hatt. Dette er del av strategisk modul. Det vil si 1 mill kr til program under planlegging og 2 mill kr til etablerte program. I tillegg er det 15 strategiske stipendiatar som del av PhD-tiltak i strategiske midlar.
- I budsjettfordelingsmodellen er det lagt til grunn at alle generelle administrative stillingar på fakultet blir realbudsjettert utanom fakultetsramma. Dette for å sjå administrative ressursar i samanheng. Det er heller ikkje avklart fordeling av

administrative ressursar mellom FIN og FØS, og ikkje generell ressursfordeling mellom administrative funksjonar organisert felles eller ved fakultet.

- Alle dei internfinansierte stipendiatstillingane er no budsjetttert 100% i eit fellesbudsjett. Her har det vore ulike ordningar ved nærregionane med finansiering av plikttid ved fagavdelinga. Dette er ordningar som blir vurdert framover. No er det gjort ei budsjett-teknisk vurdering for å få same budsjettordning for alle internfinansierte stipendiatar. Dette har ingen realeffekt, det er flytting av budsjett, men vil ha betydning framover for kor mange stipendiatar HVL kan finansiere av eigne midlar.
- Det er sett av ein stipulert lønnsreserve på 20 mill kr for å dekke auka lønnskostnader i heile organisasjonen som følgje av lønnsoppgjeret i 2018. Dette er om lag på same nivå som nærregionane hadde ved førre hovudoppgjer, i 2016. Denne reserven blir budsjettfordelt etter kvart som lønnsoppgjeret er klart i 2018.

1.7. Budsjettfordelingsmodell

Ny budsjettfordelingsmodell for HVL vart vedtatt av styret i september 2017.

Modellen er utgangspunktet for fordeling av ressursar internt, og skal i størst mogleg grad spegla fordelingsmodellen frå Kunnskapsdepartementet. Resultattildelingane frå KD knytt til studiepoengproduksjon og kandidatar blir vidareført med 80% effekt direkte til fakultetsbudsjetta (jfr fordelingsmodell).

Resten av resultatindikatorane frå KD blir fordelt 100% direkte til fakulteta. Den delen av basis som blir prioritert til fakulteta (ca 50%) blir fordelt etter andel KD-studieplassar per fakultet. Øvrig basis blir tildelt administrasjon, felles institusjonskostnad inkludert stipendiatar og strategisk modul etter realbudsjettering. Totalt sett har vi ein auke i budsjett 2018 i høve til 2017 på ca 99 mill kroner. Auka er fordelt på fakultet, fellestenester/institusjonskostnadar og strategimodul på fylgjande måte:

Tabell 2: Endring i tildeling frå 2017 til 2018 i budsjettfordelingsmodell fordelt på einingar (avrunda tal for å ta høgde for mindre justeringar).

	Simulering 2017	Modell 2018	Endring 17-18	Endring i %
FLKI	309 000 000	332 000 000	23 000 000	7 %
FHS	239 000 000	257 000 000	18 000 000	8 %
FIN	188 000 000	217 000 000	29 000 000	15 %
FØS	79 000 000	82 000 000	3 000 000	4 %
Fellestjenester og institusjonskostnader	934 000 000	934 000 000	-	0 %
Strategikomponent	44 000 000	46 000 000	2 000 000	5 %
Ufordelt reserve	-	20 000 000	20 000 000	
Husleigeavsetning KII		5 000 000	5 000 000	
Total KD-ramme:	1 793 000 000	1 893 000 000	100 000 000	6 %

Oversikta syner at det er ein vekst i fakultetsbudsjetta på ca 73 mill kr. I denne auka ligg pris og lønnsvekst (overheng frå 2017), endringar knytt til auka produksjon og nye/opptrapping av studieplassar. Fakulteta har ei mykje høgare auke i ramma enn det auka i tildelinga frå KD tilseier. Slik budsjettfordelingsmodellen er bygd opp kjem dette i hovudsak av at det ikkje er noko endring i den realbudsjetterte delen av budsjettet (fellesadministrasjon og institusjonskostnader). Når det ikkje er noko endring her blir andelen av basis som kan fordelast til fakulteta høgare, og dermed høgare tildeling til fakulteta..

Samla auka basistildeling til fakulteta er ca. 43 mill kr.

I modellen som vart vedtatt av styret i september er det føresett at fellestjenester óg skal vera avhengig av resultatindikatorane i KD-modellen. Dei resterande 20% av endringane i resultat skal derfor gå som ein auke/nedgong til fellesadministrasjon. For 2018 utgjer dette 3,8 mill kr i auke. 2018 er eit spesielt budsjettår, der vi har slått saman mange einingar og samanstillt budsjetta frå dei tre nærregionane. Som del av innplasseringsprosjektet blir det gjort ei heilhetleg vurdering av administrative stillingar. I utgangspunktet meiner rektor at dette kan gjerast innanfor ei ramme i 2018 som er uendra frå 2017. Det er derfor ikkje teke omsyn til auken på 20% av produksjon inn mot fellesadministrasjon i 2018, men summen er lagt til fordeling i basis, og kan slik sett sjåast på som ein del av reserven/ufordelt ramme som er foreslått. For budsjettet i 2019 vil det vere naturleg å ta omsyn til denne endringa i produksjon også inn mot fellesadministrasjonen.

Når det gjeld simulering for 2017 er det gjort nokon endringar i grunnlaget for å sikre ein mest mogleg samanliknbar situasjon i høve til 2018. Dette gjeld i hovudsak endringar i fordeling av studieplassar mellom fakulteta etter at prorektorane for nærregionane har godkjent den historiske studieplassfordelinga.

1.8. Resultat-utteljing

I statsbudsjettet vart det for 2017 lagt til grunn eit snitt av resultata for 2013-15. For 2018 blir 2016-tala lagt til grunn for tildelinga. Denne omlegginga frå KD si side gjer at HVL får ein større vekst i resultattdelinga no i 2018 enn forventa (dersom snittproduksjon framleis hadde vore lagt til grunn) .

Samla auka ramme til fakulteta for HVL er 30,5 mill kr inkl. lønns- og prisvekst (i satsane). Tabell 2 viser samla tildeling og vekst i fakulteta, men differansen i veksten i fakulteta skuldast vesentleg ulik utvikling i resultatindikatorane. Det er studiepoengsproduksjon og kandidatproduksjon som får størst utslag på resultatdelen i tildelinga. Det er FIN som har den største veksten i rammetildelinga med 15%.

1.9. Realbudsjetterte områder

Høgskulens fellesadministrasjon, fakulteta sin administrasjon (ikkje leiing og fagrelatert administrasjon), samt felleskostnadar for institusjonen er realbudsjettert. Dette vil si at alle eksisterande stillingar i fellesadministrasjonen sine einingar samt fakulteta sine administrative stillingar er budsjettert fullt ut. I utgangspunktet er det ikkje budsjettert med nye administrative stillingar. Dette blir evt vurdert som del av innplasseringsprosjektet.

Alle kostnadar som ikkje er knytt til fakultetsrammene er delt inn i to hovudkategoriar, i tillegg til strategiske midlar :

- Fellesadministrasjon : består av lønnskostnadar samt noko driftsmidlar til alle administrative einingar
- Institusjonskostnadar: består av kostnadar som er budsjettert felles, men som gjeld heile institusjonen. Dette inneheld blant anna store kostnadar som stipendiatbudsjett (60 mill kr), institusjonelle kontingentar/tilskudd (10 mill), rektorat og styret (17 mill) og husleige Statsbygg (353 mill). Lønnskompensasjon (20 mill) og avsett reserve (20 mill) ligg også her. I tillegg til realbudsjetterte felleskostnadar, er det her også avsett midlar til særskilte områder i budsjettet som ikkje kan fordelast gjennom budsjettfordelingsmodellen, og som vi har fått særskilte tildelingar til. Dette gjeld:

Tabell 3: Særskilte uttrekk i budsjettmodellen

Tiltak	SUM	Kommentar
Dykkarutdanninga	20,2	Kjem i tillegg til ramma til FIN
Metningsdykkar	6,2	Kjem i tillegg til ramma til FIN
Studieplassar til vidareformidling	1,3	18 studieplassar kor basis skal vidareformidlast til andre institusjonar
Simulatorkostnadar nautikk	3,4	Kjem i tillegg til ramma til FØS. Inkl.husleige for å vise samla kostnader til nautikkutd.
GLUP-midlar til FLKI	7,5	Kjem i tillegg til ramma til FLKI
Totalt	38,6	

Totalt budsjett til fellesadministrasjon og institusjonskostnader/felleskostnader er på om lag 934 mill for 2018. Simulering i samband med utarbeiding av den nye budsjettfordelingsmodellen tidlegare i haust syner meir eller mindre same beløp for 2017. Det er gjort nokon budsjettmessige flyttingar mellom strategiske midlar, institusjonskostnader og fakulteta sidan simuleringa i september som gjer at tala ikkje nødvendigvis er 100% samanliknbare, men viser likevel at det totalt sett er tilnærma ingen auke på kostnader i dei realbudsjetterte delane av budsjettet. 2018 vil bli eit år der det samla sett vil bli behov for ein del omrokkingar i budsjettet, og mogleg også omprioriteringar av ressursar, jfr. avsnitt over om samordning av budsjett.

I 2017 har kvar nærregion hatt sitt budsjett å forhalde seg til, bortsett frå til saman 50 mill kr til felleskostnader som gjekk på tvers av nærregionane. I 2018 er det berre 40 millionar av desse som er direkte vidareført. Dei resterande 10 mill er omprioritert til andre formål, i grove trekk ei styrking på Drift knytt til auka aktivitet, og auka kostnader til bibliotekslisensar og IT-investeringar.

Det vil vere naudsynt med tildelingar knytt til fusjon, digitalisering og andre strategiske tiltak i 2018, men dette blir i hovudsak foreslått dekkja av SAKS-midlar for felles budsjettområder (digitalisering og OU).

1.10. Budsjetterte eksterne inntekter på fakultet og ambisjonsnivå

1.10.1. Eksterne inntekter

Eksterne inntekter knytt til bidrags- og oppdragsinntekter (BOA), som både gjeld utdannings- og forskingsprosjekt, er ein føresetnad for å finansiere lønnsforpliktingar i fakulteta, men også felles kostnader. Tidlegare er ekstern aktivitet behandla på forskjellige vis budsjettmessig i dei tre nærregionane. I denne saka syner vi kva eksterne prosjekt bidreg med for å dekke lønnsforpliktingar på tilsette.

Oversikta under viser utviklinga i dei eksterne inntektene frå 2017 til 2018, Her er det berre teke omsyn til lønnsinntekter, ikkje indirekte kostnader eller fortjeneste. For 2018 viser oversikta prosjekt som er i gang (sikre), og prosjekt ein kjenner til, men der konkret omfang/avtale ikkje er heilt klar (nokså sikre).

Tabell 4: Eksterne lønnsinntekter per fakultet 2017 vs 2018
Mill kr

Fakultet	2017	2018
FLKI - Eksterne inntekter 2018	36,9	40,7
FHS - Eksterne inntekter 2018	21,3	23,1
FIN - Eksterne inntekter 2018	18,2	20,9

FØS - Eksterne inntekter 2018	8,8	5,1
Totale eksterne inntekter 2018	85,2	89,8

Oversikta viser liten utvikling i eksterne inntekter frå 2017 til 2018. Alle fakulteta har likevel ei forventa auke, utanom FØS. Det er forventa at fakulteta tek nærare stilling til nivå på eksterne inntekter i samband med utarbeidinga av detaljert budsjett. Dette blir ekstra viktig for FØS dersom det er knytt faste stillingar til prosjekt-nivået i 2017.

1.10.2. Føresetnad i høve til BOA

I internt BOA-reglement for HVL er det i påvente av endeleg organisering ikkje fastsett korleis indirekte kostnader i eksterne prosjekt skal fordelast internt i organisasjonen. Alle tre nærregionane har hatt forskjellig fordeling fram til no. I budsjettet er dette derfor fordelt 50% til fellestenester og 50% til aktuelt fakultet. Dette vil bli justert når satsane blir fastsett.

1.10.3. Ambisjonsnivå for fakulteta

I tillegg til sikre og noko sikre inntekter legg rektor til grunn at fakulteta må ha eit ambisjonsnivå for å få tilslag på forskingssøknadar, samarbeidsprosjekt og utdanningsprosjekt, og også gjennomføre eigenbetalte utdanningar. Rektor legg til grunn at fakulteta bør ha eit minimum ambisjonsnivå på 10% auke, det vil sei inntekter som foreløpig er ukjende, ikkje knytt til konkrete prosjekt. Det kan vere ulike type prosjekt som er i prosess eller kjem i prosess i 2018, samt at ein av erfaring veit at det kjem eksterne inntekter i løpet av eit budsjettår som ikkje har vore planlagd.

Tabell 5: Ambisjonsnivå per fakultet

Fakultet	Ambisjonsnivå 2018
FLKI	4,15
FHS	2,15
FIN	2,0
FØS	1,0
Ambisjonsnivå 2018	9,3

Fakulteta må ta nærare stilling til ambisjonsnivået i samband med utarbeidinga av detaljert budsjett.

1.11. Forslag til strategiske midlar innanfor ordinær budsjetttramme og SAKS-midlar

Viser til styresak om årsplan. Utkast til årsplan tek utgangspunkt i verksemdsmåla for 2017 og forslag til utviklingsavtale med KD. På bakgrunn av vurderingar gjort i

styresaka om årsplan har rektor oppsummert fylgjande område som er strategisk viktig i høve til 2018 med tanke på tildelingar gjennom strategisk modul og SAKS-midlar:

- Universitetsambisjon
- Digitalisering
- Omstilling

I budsjettfordelingsmodellen er det ein strategisk modul, som skal støtte strategiske tiltak i organisasjonen. Dette er ikkje tenkt som fullfinansiering av strategiske tiltak, men som ei ekstra støtte eller insitament for å nå strategiske mål. Strategisk modul kan for 2018 sjåast i samanheng med disponering av SAKS-midlar.

1.11.1. Strategiske midlar i 2018

I 2018 er det foreslått strategiske midlar på 45,6 mill kr. Dette er hovudsakleg midlar som har vore knytt til ulike strategiske tiltak ved dei tre nærregionane på institusjonsnivå, og som i stor grad er knytt til strategisk drift/tiltak. Ein stor del av midlane er bundne til pågåande tiltak, medan andre midlar må vurderast i høve til å samordne felles tiltak for HVL i årsplanen (som tidlegare har vore knytt til nærregionane). Oversikta under viser hovudområda og ramme:

Tabell 6: Strategiske midlar 2018 (tal i mill kr.)

Hovudområde	Mill kr	Kommentar
FoU/kompetanseheving	11,9	Av dette er smådriftsmidlar 1,9 mill kr
PhD-tiltak til fakultet og program	7,5	Vidareføring av tilskot
Delfinansiering av senter	9,2	Vidareføring av tilskot
Egenfinansierte stipendiatar	9,5	15 stk
Strategiske midlar utan binding	7,5	Til styrets disposisjon.
Total strategiske midlar	45,6	

Universitetsambisjonen favnar om mange ulike tiltak, også for 2018. I hovudsak vil rektor trekke fram kompetanseheving, FOU-verksemd og eksternfinansierte prosjekt/samarbeid. Dei fleste strategiske midlar over er knytt til stimulering i høve til desse områda.

Rektor foreslår tilført 7,5 mill kr i udisponerte midlar til strategiske tiltak. Dette er til styret sin disposisjon.

Dette er midlar som for eksempel kan nyttast til ytterlegare tiltak knytt til universitetsambisjonen, og tiltak for å etablere/styrke tiltak i høve til regional rolle og

samarbeid/samhandling, jamfør gjennomgåande fokus på regional rolle i utviklingsavtalen.

I arbeid med tiltak i årsplanen vil rektor gjera ei samla vurdering av dei ulike etablerte tiltaka, og korleis desse kan samordnast i 2018. På bakgrunn av mål i årsplanen 2018 og innspel frå styret vil rektor vurdere tiltak knytt til midlar som no er utan binding.

1.12. SAKS-midler

HVL vart tildelt 11 mill kr i SAKS-midler i 2016, og 39 mill kr i 2017. I forslag til statsbudsjett er det på nytt avsett midlar til fordeling til SAKS. Dersom vi nyttar erfaringstal frå andre fusjonar og SAKS-tildeling anslår vi at SAKS-tildelinga for HVL i 2017 vil bli om lag 15-20 mill kr.

Pr. 2.tertial 2017 ser det ut til at vi får udisponerte SAKS-midler på om lag 13 mill kr. 5 mill kr av dette er utsette aktivitetar som er direkte fusjonsrelaterte.

Ut frå dette antek vi ei samla SAKS-finansiering i 2018 på om lag 28 mill kr. På bakgrunn av utkast til årsplan og status i OU-programmet foreslår rektor prioritering av investeringar og prosjekt innan digitalisering, fullføring av tiltak i OU-programmet, og nye utviklingsprosjekt knytt til etablering av ny organisasjon :

Tabell 7: SAKS-midler (alle tal i mill kr)

Finansiering/inntekt	Mill kr	Kommentarar
SAKS 2017 – utsette tiltak	5	Anslag
SAKS 2017 – udisponert	8	Anslag
SAKS 2018	15	Anslag
Sum	28	Anslag
Områder/tildeling	Mill kr	Kommentarer
Utsette fusjonstiltak, og vidareføring, frå 2017	8	Systemkostnader bibliotek, arkiv, lønn og andre fusjonsrelaterte kostnader. Vidareutvikling HVL-nettsider.
Organisasjonsutvikling /strategiplanprosess fakultet og fellesadm	6	Fullføre tiltak i OU-programmet, innplasseringsprosjekt, leiaropplæring- og utvikling. Eigne stillingsressursar er budsjettert i ordinært budsjett. Vurdere støtte til ekstraordinære reise-/samlingskostnader.
Digitalisering – investering, + nye og pågåande prosjekt.	14	Ulike områder for digitalisering krev investering/infrastruktur. Det er fleire pågåande/foreslåtte digitaliseringsprosjekt som krev ekstra ressursar i ei utviklings- og implementeringsfase. Det er kome fleire innspel. Det ligg bindingar på ca 4,5 mill frå pågåande prosjekt.. Samla vurdering blir lagt til grunn for disponering.
SUM	28	

I arbeid med årsplanen vil rektor ta stilling til disponering av midlar knytt til tiltak.

1.13. Avsetjingar/reservar

Måten å rekneskapsføre og nytte avsetjingar har vore gjort ulikt ved dei tre tidlegare høgskulane. Det må derfor gjerast ein særskilt gjennomgang av avsetjingane i høve til formål, finansiering og i kva grad det er bindingar på desse. Basert på felles prinsipp vil styret kunne bli lagt føre ei slik oversikt i samband med rekneskapsavslutninga for 2017-rekneskapen.

Det vil då vera klart kva avsetjingar kvart av dei nye fakulteta eventuelt har pr 1.1.18. Øyremerka tildelingar frå eksterne samarbeidspartar inkl. departement og direktorat blir overført på ordinær måte.

1.14. Føringer i arbeid med endeleg budsjett for fakulteta og vegen vidare

Styringsmodellen legg til grunn autonome fakultet med rammestyring som prinsipp. Dette vil si at styret vedtek ei budsjettramme til fakulteta inkl. forventa bidrag frå eksterne inntekter som dekanen kan styre innanfor med krav frå styret om gjennomføring av studieportefølje og tiltak innanfor HVL sin årsplan. Dette er styringssystem som vi må utvikle framover. Fellesadministrative områder og felles institusjonskostnader er realbudsjetterte, og dei økonomiske fullmaktene vil bli meir avgrensa enn for dekanane.

Fakulteta har heilårseffekt i 2018 på nye stillingar tilsett i 2017. Utover dette må fakulteta planlegge og begrense nye tilsettingar som medfører auka lønsforpliktingar med heilårseffekt inn i 2019. Dette pga at 2018 må sjåast på som eit konsolideringsår i høve til organisasjon, ressursar og økonomi.

Det er omfattande omstillingsprosessar i fakulteta og administrasjonen framover. På bakgrunn av intern styringsdialog i januar/februar vil rektor mellom anna vurdere å tilrå for styret å nytte ubundne avsetjingar til omstillingstiltak (midlertidig kostnad) og/eller for å tilpasse fakulteta sin aktivitet inn mot 2019-rammene. Den foreslåtte reserven/udisponerte midlar i 2018 vil rektor i utgangspunktet vere restriktiv med å bruke. Dette må mellom anna sjåast i samanheng med endeleg statsbudsjett, samla avsetjingar og SAKS-tildeling.

Vedlegg 2

Rammer fordelt i budsjettfordelingsmodellen

Rammer fordelt i budsjettfordelingsmodellen		
		Rammer 2018
FLKI		332 000 000
FHS		257 000 000
FIN		217 000 000
FØS		82 000 000
Fellesadministrasjon inkl adm. på fakultet		252 000 000
Institusjonskostnader		622 000 000
Stipendiatbudsjett		60 000 000
Strategiske midler		46 000 000
Ufordelt reserve		20 000 000
Husleigeavsetning KII		5 000 000
Total KD-ramme:		1 893 000 000

Oversikt over rammefordelingar inkl. øyremerkta tildelingar til fakulteta (neste side).

FLKI - tildelt ramme	332 000 000
<i>i tillegg: Realbudsjettet administrasjon *</i>	8 300 000
<i>i tillegg: GLUP-tildeling frå KD</i>	7 500 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: CASE</i>	500 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: Utdanningsforskning</i>	1 900 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: kunstfag, kultur og kommunikasjon</i>	1 900 000
<i>i tillegg: Delfinansiering PhD-program</i>	2 000 000
TOTAL ramme til FLKI	354 100 000
FHS - tildelt ramme	257 000 000
<i>i tillegg: Realbudsjettet administrasjon *</i>	13 000 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: Kunnskapsbasert praksis</i>	1 100 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: OmsorgsforskningVest</i>	1 100 000
<i>i tillegg: Delfinansiering utvikling PhD-program</i>	1 000 000
TOTAL ramme til FHS	273 200 000
FIN - tildelt ramme	217 000 000
<i>i tillegg: Realbudsjettet administrasjon *</i>	9 200 000
<i>i tillegg: Dykkerutdanningen</i>	20 200 000
<i>i tillegg: Metningsdykkerutdanningen</i>	6 200 000
<i>i tillegg: Delfinansiering: Mohnsenter for innovasjon og reg. utvikling</i>	2 200 000
<i>i tillegg: Delfinansiering PhD-program</i>	2 000 000
TOTAL ramme til FIN	256 800 000
FØS - tildelt ramme	82 000 000
<i>i tillegg: Realbudsjettet administrasjon *</i>	2 200 000
<i>i tillegg: Simulator SIMSEA</i>	3 400 000
<i>i tillegg: Delfinansiering senter: Maritimt senter</i>	500 000
TOTAL ramme til FØS	88 100 000
Fellesadministrasjon uten adm. på fakultet	219 300 000
Institusjonskostnader	584 700 000
Stipendiatbudsjett	60 000 000
Strategiske midler **	31 800 000
Ufordelt reserve	20 000 000
Husleigeavsetning KII	5 000 000
Total KD-ramme:	1 893 000 000
*Realbudsjettet administrasjon på fakultet er basert på dagens situasjon, og vil bli justert etter funksjonsanalyse og innplassering. For FØS er det stipulert adm overført frå tidlegare avdelingar (FIN).	
**Strategiske midler er her redusert fordi midlar er flytta opp til fakultetsbudsjetta. Opphavleg sum er 46 mill. kr.	

Vedlegg 3

Tidspunkt	Plan- og budsjettprosess
8.8., 2.10, 31.10, 14.11	Prosess i strategisk leiargruppe
25.september	Styret vedtok intern budsjettfordelingsmodell
25. oktober	Styret blir orientert om intern økonomistatus pr. 2.tertial 2017 Styret blir orientert om forslag til statsbudsjett for 2018 – konsekvenser for HVL
30.november	Styret vedtek budsjett og utkast til årsplan for 2018 Vedtak budsjett : - Realbudsjett for administrasjon, felles institusjonskostnader, utkast SAKS og strategisk modul - KD-rammer for fakulteta - Foreløpig ramme for eksterne inntekter
Desember	Statsbudsjettet 2018 blir vedteke i Stortinget. HVL får tildelingsbrev frå KD inkl. utviklingsavtala og mogleg også tildeling av SAKS-midlar.
Desember og januar	Prosess i fakultet og fellestenester - konkretisering av tiltak knytt til styret sitt utkast til årsplan, og tiltak i høve til strategiske tildelingar og SAKS-midlar. Rektor besluttar fordeling/disponering av strategiske midlar og SAKS-midlar Fakulteta utarbeider fakultetsbudsjetta inkl. ambisjonsnivå på eksterne inntekter
Ultimo januar	Styringsdialog med rektor
Innan 15.februar	Frist til DBH for rekneskap 2017
Innan 15.februar	Fakulteta og fellestenester har klar utkast til eigne årsplanar og fakultetsbudsjett
8.mars	Styret vedtek revidert budsjett/endeleg budsjett inkl. endeleg tildeling frå KD og SAKS-midlar, og disponering av avsetjingar. Styret vedtek rekneskap for 2017 inkl. avsetjingar



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/03120-7
Saksbehandler Kristine Tangen

Arkivkode. 121

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

094/17

VIDEREFØRING AV INTERNREVISJONSSAMARBEID

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar at HVL deltar i det etablerte internrevisjonssamarbeidet med UiS, UiA og NORD også i 2018.
2. Styret ber om at fremtidig og permanent ordning for internrevisjon vurderes i 2018.

Sammendrag

Samarbeidet om internrevisjon ved virksomhetene Universitetet i Stavanger (UiS), Universitetet i Agder (UiA), Nord universitet (Nord) og Høgskulen på Vestlandet (HVL) ble etablert høsten 2012. Samarbeidet er organisert med et revisjonsteam bestående av en representant fra hver virksomhet, med UiS sin representant som leder for internrevisjonsteamet.

Den samarbeidende gruppen har i alt gjennomført syv omfattende revisjoner.

Vedlegg:

[Rundskriv R-117](#)

Saka har ikkje trykte vedlegg.

Saksframstilling:

Generelt om internrevisjon

Internrevisjon skal være en systematisk og uavhengig gjennomgang av deler av egen virksomhet som har til formål å fastslå om virksomhetsstyringen og tilhørende resultater stemmer overens med det som er planlagt, og om disse, samt internkontrollrutiner er effektivt gjennomført og er hensiktsmessig for å oppnå målene som er satt. Internrevisjon skal fremme og beskytte organisasjonens verdier gjennom å gi risikobaserte bekreftelser, råd og innsikt. Internrevisjonens arbeid omfatter alle sider og prosesser av høgskolens virksomhet.

Reglement for Økonomistyring i staten § 14 om internkontroll, stiller krav til at alle enheter skal etablere systemer og rutiner som ivaretar internkontroll av virksomheten. Reglementet legger vekt på ledelsens ansvar for å etablere en tilfredsstillende internkontroll i virksomheten.

Finansdepartementet har bestemt i rundskriv R-117, datert 29.09.2016 jf. pkt. 4 at: Virksomhetens ledelse har ansvaret for at systemer og rutiner i virksomheten er tilpasset risiko og vesentlighet, jf. bestemmelsene pkt. 2.2. Bruk av internrevisjon er ett mulig tiltak i en slik tilpasning.

Videre heter det at: Virksomheten kan bruke internrevisjon som en del av virksomhetens system for styring og kontroll. Virksomheter som har samlede utgifter eller samlede inntekter over 300 mill. kroner skal vurdere om de bør bruke internrevisjon.

Krav om å vurdere å etablere en internrevisjon

Innen 1. mai 2016 skulle alle virksomheter i UH-sektoren som har samlede utgifter eller samlede inntekter over 300 mill. kroner i henhold til siste publiserte årsrapport vurdere om de bør bruke internrevisjon. Kravet gjelder for virksomheter som ikke allerede har etablert, eller besluttet å etablere, en internrevisjon.

I vurderingen av behovet for internrevisjon skulle følgende vurderingskriterier inngå:

1. Virksomhetens kompleksitet og størrelse (inkludert samlede utgifter og inntekter)
2. Virksomhetens risiko og vesentlighet
3. Kvaliteten og modenheten på virksomhetens styring og kontroll

Internrevisjonsgruppen gjorde en slik vurdering for alle de 4 virksomhetene som deltar i samarbeidet i 2016. Konklusjonene i vurderingene var at virksomhetene hadde behov for internrevisjon og dette behovet har ikke endret seg ved utgangen av 2017. Internrevisjonen anbefaler derfor at samarbeidet fortsetter.

Vurdering av internrevisjonssamarbeidet

Tema for revisjonene som er gjennomført presentert i kronologisk rekkefølge:

- Representasjon og bevertning
- Anskaffelse/ innkjøp

- Internkontroll
- Reiseregninger
- Personvern og IKT sikkerhet – (ny EU forordning som trer i kraft mai 2018)
- Sidegjøremål
- KD finansierte stipendiatstillinger (pågående revisjon høsten 2017)

Samarbeidet fungerer godt og virksomhetene høster erfaringer av organisasjonsformen utover ren internrevisjonsaktiviteter ved at man i revisjonsrapportene viser til beste praksis på de reviderte områdene.

Arbeidsformen er ressurs sparende og sammensetningen skaper økt nøytralitet i arbeidet i og med at det til enhver tid er med representanter som har tilstrekkelig avstand til virksomhetene og tema som er underlagt revisjon.

De andre virksomhetene viderefører samarbeidet for en toårsperiode, men da HVL fremdeles er i en fusjonsfase der mye i forhold til organisering ikke er fastsatt er det i første omgang nok å forplikte seg for ett år, da det jo er usikkert hvordan HVL vil organisere internrevisjon videre.

Revisjonsplan for 2018

Revisjonsplan for 2018 skal godkjennes av de enkelte virksomhetsstyrene. Det vil være internrevisjonsteamet som utarbeider forslag til revisjonsplanen etter dialog med virksomhetene. Internrevisjonsteamet ber om tilbakemelding på aktuelle revisjonsområder fra virksomhetens ledelse basert på risikovurderinger.

Det skal i utgangspunktet planlegges to revisjoner per år, dersom det ikke bestemmes annet. Dette må også vurderes opp mot økonomiske rammer. Dette utelukker ikke at virksomhetene selv kan utføre/få utført andre internrevisjoner i tillegg.

Revisjonsplanen skal også foreslå mulige områder for fremtidige perioder, slik at de enkelte styrene gis mulighet til å gi tilbakemeldinger til revisjonsteamet om mulige tema/retninger.

Rektors vurderinger

Rektor vurderer internrevisjonssamarbeidet mellom de fire institusjonene som nyttig og fruktbart og anbefaler at samarbeidet fortsetter også i 2018 samtidig som det vil være nødvendig å vurdere en fremtidig og permanent ordning for internrevisjon i løpet av 2018.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/06295-6
Saksbehandler Rasmus Stokke

Arkivkode. 081

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

095/17

KJØP AV AKSJAR I VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner teikning av inntil 10 aksjar a NOK 10 000,- i Vitensenteret i Sogn og Fjordane slik det går fram av premissane i invitasjonsbrevet. Styret stadfester med dette at selskapet er av fagleg interesse for Høgskulen på Vestlandet.

Samandrag

HVL, nærregion Sogn og Fjordane har vore aktiv deltakar i ei forprosjektgruppe som har utvikla forretningsplan for Vitensenter i Sogn og Fjordane. Neste steg er å etablere selskap som skal stå for den vidare utviklinga og etableringa. Med denne saka tek HVL stilling til kva slag framtidig tilknytingsform høgskulen skal ha til senteret.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Invitasjon til å teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane»

Vedlegg 2. Notat om kartlegging av fagmiljø

Uprenta vedlegg:

<http://kaupus.no/wp-content/uploads/2017/11/VS-Invitasjon-til-teikning-av-aksjar.pdf>

Saksframstilling:

Innleiing

Saka vert lagt fram for at styret skal ta stilling til om Høgskulen på Vestlandet skal gå inn som deleigar og teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane».

Forprosjektet er initiert av Kaupanger næringsforeining i Sogndal kommune, og drive fram av ei styringsgruppe der HVL har vore representert ved dekan Stein Joar Hegland ved avdeling for ingeniør og naturfag ved nærregion Sogn og Fjordane. Dekan for lærarutdanning og idrett har vore representant i referansegruppa.

Det er utvikla ein forretningsplan (forretningsplan I) som gir totalbiletet av prosjektet (uprenta vedlegg), og som dannar grunnlaget for invitasjon til aktuelle aksjeeigarar, og forventingar til desse. Planen viser og oversikt over interessentar og deltakarane i styrings- og referansegruppa.

Arbeidet med forprosjektet vert avslutta i desember 2017 med ein forretningsplan II og ein hovudprosjektplan, som vil danne grunnlaget for å skipe juridisk eining, og gjennomføring av ein retta emisjon mot framtidige eigarar. Det ligg føre ei skisse til fordeling mellom interessegruppene i planen, og HVL er utfordra til å gå inn med 23 aksjar pålydande kr. 10000,- , av i alt 300 aksjar. Frist for teikning av aksjar er 20 desember. Det er HVL sitt styre som har ansvar for oppretting av eigarskap i aksjeselskap (sjå avsnittet «reglement og retningslinjer»). Styret drøfta eigarskap i aksjeselskap i sak 84/17 på førre styremøte. Der blei det gitt oversikt over selskapa HVL deltek i med ulike eigardelar. Som oppfølging av strategien for HVL, vil det bli utarbeidd prinsipp og rammer for høgskulen sitt eigarskap i aksjeselskap. Sidan det ikkje er klart vert vurderinga gjort opp mot dei midlertidige retningslinjene som blei vedtekne i HVL- styresak 031/17. I denne saka gjeld det eigarskap i eit selskap med relevans til og samarbeidsavtale med VilVite-senteret i Bergen, der HVL er med som eigar.

Bakgrunn:

Vitensenteret i Sogn og Fjordane, lokalisert på Kaupanger, vil vere del av eit sambruk med Sogndal vidaregåande skule si nasjonale linje for Transport og logistikk, og ha ein bygningsmessig infrastruktur som også stettar behov for næringsparken i tillegg til Vitensenteret. Dette vil kunne gi anleggsbidrag til senteret og tilskot til felles lokale. Forretningsplanen baserer seg vidare på ein driftsøkonomi som for andre vitensenter i det nasjonale vitensenterprogrammet, og på tilskot og bruksinntekter frå skule- og barnehageeigarar, utleige og reiseliv, og statlege tilskot og sponsorar. Senteret vil vere plassert innanfor eit område (Sogn) med særskild høg reiselivsaktivitet, men lægre tettleik av skular og barnehagar samanlikna med dei andre sentra. Dette er avspeгла i besøkstala.

Forprosjektet konkluderer med at aksjeselskap er den mest tenlege selskapsforma, med «non-profit» drift. Fordelinga av aksjekapital er foreslått slik:

Næringslivet	10 - 15 %	kr 450 000.00
Kompetansemiljø	10 - 15 %	kr 450 000.00
Sogndal	10 - 15 %	kr 450 000.00
kommune -		
vertskommunen		
Skuleeigarar –	30 - 35 %	kr 1 050 000.00
kommunane/SR		
Fylkeskommune	30 - 35 %	<u>kr 1 050 000.00</u>
<u>Sum:</u>		<u>kr 3 450 000.00</u>

Dei inviterte kompetansemiljøa som tabellen viser til er Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet, med like mange aksjar kvar.

Det er målsetjinga at ingen skal ha kontroll i selskapet gjennom reint fleirtal, og ei ramme på 3,45 mill. i aksjekapital, med 2 mill. som minimum. Minste aksjeteikning pr. interessent er sett til kr. 50 000,-.

Vurdering av relevans for HVL

Vitensenteret vert lokalisert ei mil frå Høgskulemiljøet i Campus Sogndal, med ei køyretid på 10-12 minutt og gode busslinjer. Det er difor mogeleg å etablere tette faglege relasjonar til senteret. I løpet av hausten har det vore gjort eit arbeid med å kartlegge dei mogelege faglege relasjonane. Det er laga ei oversikt over personar og fagmiljø, innan lærarutdanning, miljø- og naturvitskaplege fag og andre relevante fag ved Campus Sogndal som passar innanfor profilen til vitensenteret (sjå vedlegg 2). Ein del av desse er kontakta direkte for å finne ut om a) interessa for eit slikt senter; b) kva tema og profil fagmiljøa kunne tenke seg i eit slikt senter; c) kva tekniske installasjonar som vil vera interessant frå ein fagleg ståstad; d) kva HVL kan bruke eit slikt senter til; e) om fagtilsette (via arbeidsplanen) kunne tenke seg å arbeide med utvikling av fagleg innhald og formidling ved Vitensenter Sogn og Fjordane.

Det er fleire aktuelle fagmiljø enn det som har vore mogeleg å få intervju på Campus Sogndal, og dessutan finst det aktuelle fagmiljø også ved Campus Førde og andre campus som kan bidra med mykje kompetanse og kapasitet både på det vitskaplege og det formidlingsmessige. Eit samandrag frå intervju tilseier stor interesse (vedlegg 2; notat om kartlegging av fagmiljø).

- A. Interesse for eit slikt senter.** Stor interesse frå alle fagmiljø og få kritiske merknader. Fagfolka ønskjer å bidra og har mange gode idear til konsept, innhald m.m. Fleire meiner dette er ein gylden sjanse for høgskulen til å kome nærmare publikum, skular/elevar og næringsliv, og formidle kunnskap.
- B. Tema og profil:** Mange ulike tema vart føreslått av dei intervju, men i det store og heile bygde dette opp under profilen REINT (sjå vedlegg 1, forretningsplan I) som forprosjektet har jobba fram som utgangspunkt for vitensenteret. Nokre nye, gode idear for tematisk innhald.
- C. Tekniske installasjonar:** Fleire var interesserte i denne delen då ein såg for seg at gode tekniske installasjonar kunne nyttast frå grunnskulestadiet og opp til studentar dersom installasjonane gir grunnlag for simuleringar/modellering. Eit døme er modellar av kroppen,

av vasskrafts-hydrologisysklusar eller modellar av heile landskap. Mulegheiter for å presentere på storskjerm ved hjelp av gode grafiske brukarsnitt der ulike formar for data samla av elevar (eller studentar), rørslle m.m. kan visualiserast, blei også nemnt av fleire. Fleire var også opptekne av å kunne bruke naturen og tekniske installasjonar rundt senteret som utgangspunkt for kunnskapsutvikling.

- D. Bruk:** Ta med studentgrupper for å bruke installasjonar i undervisninga. Utføre simuleringar og liknande. Studentoppgåver (master- og bachelor) i lærarutdanninga for å studere formidling og vitensenterpedagogikk. Vitensenter som observasjonsstad for å samle data.
- E. Utviklingsarbeid knytt til vitensenter:** Dei fleste var veldig positive til å kunne delta i arbeidsgrupper o.l. som skal bidra med å utvikle innhaldet og formidlinga i eit slikt vitensenter. Kompetansen blant dei som vart intervjuet var svært brei, og mange fleire enn desse er potensielle deltakarar (vedlegg 2; notat om kartlegging av fagmiljø).

I tillegg påpeika mange at dette kunne bli ein interessant deltidsarbeidsplass innan teknologi- og naturfag for studentar.

Konklusjonen frå styringsgruppedeltakar frå HVL, dekan Stein Joar Hegland ved avdeling for ingeniør og naturfag, er at relevansen av eit slikt vitensenter for HVL vil vere stor og at fagmiljøa er positivt innstilt til å delta i utviklinga av senteret. Ein modell med avsett tid på arbeidsplanen får god tilslutnad.

Vurdering av å gå inn som eigar

I intensjonsavtalen med forprosjektgruppa, som vart teikna våren 2017, vart det signalisert at ein i løpet av hausten 2017 skal gjennomføre ein prosess for eventuelt å gå inn som medeigar. I dei munnlege tilbakemeldingane i planleggingsprosessen har ein gitt uttrykk for tvil om det ville vere den beste måten å støtte opp under utviklinga av senteret på, og at det aller viktigaste ville vere å bidra med fagleg arbeidskraft og støtte i oppbygginga. Under punkt 7.7 i rapporten er det og nemnd som ein eigarskapsmodell at HVL kan gå inn med eit årleg bidrag til dei fagmiljøa som får ein aktiv rolle på Vitskapssenteret. Vi har og gitt uttrykk for at det er viktig å lære av dei erfaringane som nærregion Bergen har gjort med VilVite-senteret.

I VilVite-senteret er HVL inne med ein eigardel på 19%, som per dags dato ut frå opplysnar om samla aksjekapital utgjør ein verdi på kr 450 000. Dei har og ein avtale om ei fast årleg innbetaling som dekkjer bruken som fagmiljøa gjer av senteret. Erfaringa med ei slik form for avtale, er at forankringa mot fagmiljøa er viktig.

Difor er det viktig at ein i utviklinga av Vitensenteret i Sogn og Fjordane får til ei maksimal tett kopling av ei gruppe fagfolk inn mot oppbygginga og utviklinga av det faglege innhaldet i senteret, før det blir teke i bruk. Det vil og sikre ei tett forankring mot utdanningane og forskning når senteret er etablert. Då kan ein enten betale for den reelle bruken, eller gjere rammeavtaler på bruk ut frå erfaring. Slik ønskjer ein å sikre at ein får utvikla eit senter som er mest mogeleg spesialsydd for behov i dei naturfaglege utdanningane, lærarutdanningane, friluftslivsutdanninga, reiselivsutdanninga, osv., og som er utvikla for forskings- og utviklingsbehov relatert til fagmiljøa som har vore involverte i oppbygginga. På denne måten kan det bli eit meir relevant senter for studentar, i tillegg til barn og elevar i skulealder.

Forslaget vil difor vere å forplikte seg på å gi nokre sentrale fagfolk arbeidstid på arbeidsplanane til å bidra i å utvikle den faglege delen av senteret i nokre år, og som i sum er større enn det vi er spurd om å yte i aksjekapital. Dette vil redusere behovet for aksjekapital då slik arbeidskraft må leigast inn. Kva fagmiljø og fagfolk som vert knytt opp mot utviklinga, vert ein del av hovudprosjektet basert på kartleggings- og forankringsarbeidet som dekan Stein Joar Hegland har arbeidd med.

Likevel vil det vere fornuftig av HVL å gå inn med ein eigardel. Bakgrunnen er signaleffektar mot dei andre regionale organisasjonane som er utfordra, og ei solidarisk haldning som vil kunne gjera det mogeleg å realisere ei slik satsing. Viss den samla aksekapitalen vert for låg til at selskapet kan etablerast, er det utan verdi om HVL har lovd å bidra berre med fagleg arbeidskraft. Så vår tilråding er at HVL går inn med ein aksjekapital ned mot minimumsnivået på 5-10 aksjar, eller maksimum kr. 100 000,- i aksjekapital, men forpliktar seg til fagleg utviklingsarbeid i samarbeid med senteret. Det er og eit signal om at ein ønskjer å bidra på eigarsida i eit selskap vi er med og byggjer opp fagleg frå innsida, men som vi i liten grad ønskjer å styre gjennom eigarskap og ved å ta risiko. I tillegg sidestiller høgskulen eigarskapsmodellane ved dei to vitensentra i regionen sitt nedslagsfelt, men med mindre eigarskap og ei større investering i den faglege oppbygginga ved Vitensenteret i Sogn og Fjordane. I dette ligg og eit signal om at ein ikkje ønskjer å gå inn i framtidige emisjonar for å oppretthalde eigardelen viss det skulle bli aktuelt, men vil halde fram å bruke senteret og yte faglege bidrag viss senteret utviklar seg positivt i høve til høgskulen sine behov.

Ein er medviten risikoen for at selskapet kan kome i for lav inntektsgivande drift og at aksjekapitalen kan gå tapt.

Reglement og retningslinjer

HVL har førebels ikkje fått utarbeida felles rammer og retningslinjer for høgskulen sitt eigarskap i aksjeselskap. Dei mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HVL vedteke i HVL styresak 031/1, er derfor framleis gjeldane.

Høgskulen på Vestlandet sine lokale retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar er basert på følgjande reglement og retningslinjer:

- F-07-13, *Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-f-07-13-reglement-om-statlige-id734714/> og
- *Veileder til reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_vedlegg_2_veileder_til_reglement_om_statlige_universiteter_og_hoeyskolars_forpliktende_samarbeid_og_erverv_av_aksjer.pdf
- *Retningslinjer for forvaltning av statens eierinteresser i aksjeselskaper (fastsatt av Kunnskapsdepartementet fra 01.01.2008)*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_vedlegg_3.pdf
- Lov om aksjeselskap
- Reglement for økonomistyring i staten

- Årleg tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD)

Hovudføremålet med desse retningslinjene er å fastsetje delegering frå styret i HVL i høve til dei krava som er stilt til forvaltning av staten sine eigarinteresser generelt. I reglement og bestemmelsar for økonomistyring frå staten § 10 står det at ein skal fastsetje retningslinjer for det enkelte aksjeselskap når det gjeld styring, oppfølging og kontroll. Dette skal tilpassast staten sin eigardel, selskapet sin eigarart og risiko og vesentlegheit. Desse retningslinjene vil derfor vera utgangspunkt for tilpassa retningslinjer for det enkelte selskap vi har eigarinteresse i.

Det er HVL sitt styre som har ansvar for oppretting av eigarskap i aksjeselskap, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), punkt 4.1. Vidare er det HVL sitt styre som er ansvarleg for at utøving av eigarskap skjer i tråd med departementet sine særskilte retningslinjer for forvaltning av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap. Styret skal i tillegg fastsetje institusjonsspesifikke retningslinjer for korleis staten sine aksjar skal forvaltast. Styre er også ansvarleg for institusjonen sin rapportering på området, jf. pkt. 3.7 i retningslinjene. Høgskulestyre skal vidare fastsetje resultatmål for eigarskapet.

HVL sitt eigarskap i aksjar og forvaltninga av dette krev særskilt fullmakt, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), avsnitt 4. Dette vert gitt i årleg tildelingsbrev frå KD i vedlegg for fullmakter under føresetnad av at selskapet er av fagleg interesse for institusjonen. Rektor vurderer dette som å vere oppfylt i denne saka.

Det er ikkje høve til å nytta tingsinnskot (eigedelar) for statlege verksemdar. Kapitalinnskotet skal difor dekkjast av institusjonen sin verksemdskapital, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), punkt 4.4.

Rektors vurdering

Rektor tilrår kjøp av inntil 10 aksjar a NOK 10 000,- ved stiftinga av selskapet Vitensenteret i Sogn og Fjordane slik det går fram av premissane i invitasjonsbrevet. Selskapet vurderas å ha fagleg interesse for Høgskulen på Vestlandet. Den faglege forankringa til senteret vil ein styrke ved at ein i oppbyggingsfasen går inn med faglege ressursar, og på den måten støttar etableringa av senteret sølv om ein går inn med redusert eigardel. Vurderingen er og basert på at Kapitalinnskotet skal dekkast av nærregion Sogn og Fjordane sin oppsparte verksemdskapital.

Kaupus as

VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE

Vår sakshandsamar:
Jan Øhlckers

Dato:
30. oktober 2017

Vår referanse
Dykkar referanse

Høgskulen på Vestlandet

INVITASJON TIL Å TEIKNE AKSJAR I «VITENTERET I SOGN OG FJORDANE»

Kaupus as og Referansegruppa for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane» inviterer no til teikning av aksjar i selskapet som skal utvikle og drifte eit slikt senter.

Vedlagt finn de:

- Invitasjon
- Utkast til minimumsvedtekter
- Teikningsblankett
- Liste over inviterte
- Forretningsplan

Som det går fram av forretningsplanen kap. 5 ynskjer vi at Høgskulen på Vestlandet teiknar 23 aksjar pålydande kr 10.000 dvs. deltek med kr 230.000.

Fristen for teikning er sett til 20. desember 2017. Teikninga skjer på vedlagt blankett og skal sendast prosjektleiaren.

Med venleg helsing




Tor Arne Ness

Jan Øhlckers

Prosjekteigar

Prosjektleiar

908 39 860

415 30 963

Adresse

Skarpeteigvegen 1

6854 Kaupanger

Mobiltelefon

+47 908 39 860

E-post:

tor-arne.ness@kaupanger.toyota.no

Bank

3633.52.01684

Org. nr.:

918 182 101



Vitensenteret i Sogn og Fjordane



Invitasjon til aksjeteikning

«Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS»

Kaupus as



Kaupus AS er skipa av Kaupanger næringsforening for å realisere ideen om eit vitensenter for Sogn og Fjordane på Kaupanger i Sogndal kommune. Verksemda inviterer no aktørar med interesse for å etablere og drive eit slikt senter til å teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS»

Kaupus AS har engasjert Jan Øhlckers i Vidsyn rådgivning as (www.vidsyn.as) som prosjektleiar for forprosjektet. Han vil no òg vere ansvarleg for å:

1. Sende ut invitasjon til aksjeteikning
2. Informere dei potensielle aktørane og framtidige eigarane
3. Kalle inn til og gjennomføre stiftingsmøte med val av styre
4. Registrere selskapet
5. Rettleie styret i det nye selskapet inntil ny prosjektleiar er tilsett

Vilkår knytt til aksjeinnbyding

Aksjekapitalen er sett til minimum kr 2.000 000, med minimum 2000 aksjar kvar pålydande kr 10.000. Minstebeløp er kr 50.000, tilsvarende 5 aksjar.

Teikningsprosedyre

Teikning av aksjar startar 2. november 2017 og vert avslutta 20. desember same år. Betaling vart fastsett etter teikninga er avslutta. Skipingsmøte vert gjennomført tidleg i 2018.

Teikning skjer på original teikningsblankett som ligg ved.

Ferdig utfylt blanketten vert å sende som brev/e-post eller levert til:

Vidsyn rådgivning AS

v/Dagleg leiar Jan Øhlckers

E-post: jan@vidsyn.as

tlf.: 415 30 963

Postadresse: Strandvegen 13a, 6884 Øvre Årdal

Overkurs

Teikninga skjer til pålydande.

Fordeling av aksjar

Det er eit ynskje at aksjane vert fordelt på flest mogleg av aktørane med interesse for Vitensenteret. Målsettinga er at ingen skal ha kontroll gjennom reint fleirtal.

Styret i Kaupus as vil fastsette endeleg aksjekapital og avgjere fordelinga ved overteikning.

Betaling

Betalinga skjer i samsvar med instruks på teikningsblankett. Fristen vert fastsett etter teikningsfristen. Då vert det òg opplyst om kontonummer mv. Det er opning for å betale i form av tinginnskot. Verdien av tinginnskottet vert fastsett av Kaupus as sin forretningsfører eller revisor.

Kostnader

Alle kostnader knytt til teikninga vert dekt av den nye verksemda.

Aksjonærpolitikk

Det kan verte aktuelt å forme den ut i ein aksjonæravtale.



Stiftingsmøte

Aksjonærane held stiftingsmøte og protokollen følgjer med registreringa av verksemda. I tillegg vert det lagt ved:

- Opningsbalanse
- Protokoll frå styremøte
- Vedtekter
- Aksjeeigarbok
- Orientering om ev. tingingnskott
- Stadfesting frå revisor



Vedlegg I: Utkast til minimumsvedtekter for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as»

§ 1.

Verksemda sitt namn skal være «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as».

§ 2.

Verksemda har forretningskontor i Sogndal kommune

§ 3.

Verksemda sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

§ 4.

Aksjekapitalen skal vere på ¹.....

§ 5.

Aksjen sin pålydande skal vere kr 10.000.-.

§ 6.

Verksemda sitt styre skal ha frå 3 til 7 medlemmer med personlege vara-medlemmer.

Styret vel sjølv leiar.

§ 7.

Kunngjering til aksjonær skjer ikkje offentleg. Verksemda skal halde ordinær generalforsamling kvart år innan utgangen av juni. Innkallinga med dagsorden skjer med skriftleg varsel til aksjonærane minst to veke på førehand.

§ 8.

Årsmelding, årsrekneskap og revisor sin melding skal vere sendt til kvar einskild aksjonær samstundes som innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 9.

På den ordinære generalforsamlinga vert følgjande spørsmål handsama og vedteke:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapen og eventuell utdeling av utbyte
2. Val av styre.
3. Eventuelt val av:
 - a. Revisor
 - b. Forretningsførar
4. Vedtektsendringar
5. Andre saker som det ligg til generalforsamlinga

§ 10.

Framlegg som ein aksjonær ynskjer at den ordinære generalforsamlinga skal handsame skal være skriftleg og sendt styret innan 1. mai. Alle dokument til generalforsamlinga skal i varseltida vere lagt ut på verksemda sitt forretningskontor.

§ 11

¹ (minimum kr 2.000.000.-, vert avgjort av styret i Kaupus as etter at teikninga er avslutta)



Elles gjeld aksjelova.

**Vedlegg 2: Teikningsblankett****TEGNINGSBLANKETT for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as»**

(BRUK BLOKKBOKSTAVAR)

Teikningsfrist: 20. desember 2017.

..... ynskjer å teikneaksjar á kr 10.000,- totalt
 kr..... Pålydande er kr 10.000,- pr. aksje.

Kjøpet er bindande ved underskriving av teikningsblankett. Innbetalingsfristen vert fastsett etter teikningsfristen.

Teikninga skjer i form av:

- ☐ Kontantar/overføring i bank til konto som vert kunngjort seinare
☐ Tinginnskot (verdi fastsett av)

Styret i Kaupus as har rett til å stryke eller redusere min/vår teikning utan særskilt grunngjeving.

Tildeling, kontonummer og frist for innbetaling vil bli varsla kort tid etter teikningsfristen er ute.

Stad og dato:

Underskrift

Namn:

Adresse:

Post nr: Stad;.....

Telefon:

E-post:

Person-/føretaksnummer :.....



Vedlegg 3: Liste over inviterte

Org/verksemd	Ynskja tal aksjar
Sogn og Fjordane fylkeskommune	105
Nærings- og næringslivsorganisasjonane	45
Høgskulen på Vestlandet	23
Vestlandsforskning	23
Sogndal kommune - vertskommunen	45
Høyanger kommune	15
Vik kommune	12
Balestrand kommune	9
Leikanger kommune	11
Aurland kommune	10
Lærdal kommune	11
Årdal kommune	18
Luster kommune	17
Flora kommune	10
Gulen kommune	10
Solund kommune	10
Hyllestad kommune	10
Askvoll kommune	10
Fjaler kommune	10
Gaular kommune	10
Jølster kommune	10
Førde kommune	10
Naustdal kommune	10
Bremanger kommune	10
Vågsøy kommune	10
Selje kommune	10
Eid kommune	10
Hornindal kommune	10
Stryn kommune	10
Gloppen kommune	10

Minimumsteikning er 5 aksjar.

Vedlegg 4: Forretningsplan I

Notat

Om fagmiljøa ved HVL-Sogndal si interesse for Vitensenter Sogn og Fjordane

Dekan Stein Joar Hegland, nærregion Sogn og Fjordane

Innhald

Om fagmiljøa ved HVL-Sogndal sin interesse for Vitensenter Sogn og Fjordane	1
1. Bakgrunn	1
2. Samandrag av svar på spørsmål A-E.....	1
3. Referat frå intervju	2
4. Oversikt over fagfolk	5

1. Bakgrunn

I samband med forprosjektet for Vitensenter Sogn og Fjordane har det vore utført ulike kartleggings- og utgreiingsarbeid. Underteikna har som høgskulen sin representant i forprosjektet gjennomført ein del samtalar med ulike fagmiljø på høgskulen for å finne ut

- A. om interessa for eit slikt senter?
- B. kva tema og profil fagmiljøa kunne tenke seg i eit slikt senter?
- C. kva tekniske installasjonar som vil vera interessant frå ein fagleg ståstad?
- D. kva kan fagmiljø og HVL bruke eit slikt senter til?
- E. om fagtilsette (via arbeidsplan) kunne tenke seg å arbeide med utvikling av fagleg innhald og formidling ved vitensenteret

Intervjua har blitt spreidd på ein del fagpersonar på dei mest relevante fagmiljøa på Campus Sogndal. Innsatsen har først og fremst vore retta mot å samtale med fagfolk frå naturvitskapane. Dette inkluderer faggruppa for Matematikk i lærarutdanninga og faggruppene Fornybar, Geologi og Landskap ved institutt for miljø- og naturvitskap. Det er fleire aktuelle fagmiljø enn det som har vore mogeleg å få intervju på Campus Sogndal, og dessutan finst det aktuelle fagmiljø også ved Campus Førde og andre campi som kan bidra med mykje kompetanse og kapasitet både på det vitenskaplege og det formidlingsmessige. Intervjua og oversikt over fagpersonar er primært meint som informasjon for hovudprosjektet for Vitensenter Sogn og Fjordane AS og for vidare bruk i fageiningane på Høgskulen på Vestlandet.

2. Samandrag av intervju

- A. Interesse for eit slikt senter.** Stor interesse frå alle fagmiljø og få kritiske merknader. Fagfolka ønskjer å bidra og har mange gode idear til konsept, innhald m.m. Fleire meiner dette er ein gylden sjanse for høgskulen til å kome nærmare publikum, skular/elevar og næringsliv, og formidle kunnskap.
- B. Tema og profil:** Mange ulike tema vart føreslått av dei intervju, men i det store og heile bygde dette opp under profilen REINT (sjå rapport frå forprosjektet til vitensenter) som forprosjektet har jobba fram som utgangspunkt for vitensenteret. Nokre nye, gode idear for tematisk innhald.

- C. Tekniske installasjonar:** Fleire var interesserte i denne delen då ein såg for seg at gode tekniske installasjonar kunne nyttast frå grunnskulestadiet og opp til studentar dersom installasjonane gir grunnlag for simuleringar/modellering. Eit døme er modellar av kroppen, av vasskrafts-hydrologisysklusar eller modellar av heile landskap. Mulegheiter for å presentere på storskjerm ved hjelp av gode grafiske brukarsnitt der ulike formar for data samla av elevar (eller studentar), rørsle m.m. kan visualiserast, blei også nemnt av fleire. Fleire var også opptekne av å kunne bruke naturen og tekniske installasjonar rundt senteret som utgangspunkt for kunnskapsutvikling og formidling.
- D. Bruk:** Ta med studentgrupper for å bruke installasjonar i undervisninga. Utføre simuleringar og liknande. Studentoppgåver (master- og bachelor) i lærarutdanninga for å studere formidling og vitensenterpedagogikk. Vitensenter som observasjonsstad for å samle data.
- E. Utviklingsarbeid knytt til vitensenter:** Dei fleste var veldig positive til å kunne delta i arbeidsgrupper o.l. som skal bidra med å utvikle innhaldet og formidlinga i eit slikt vitensenter. Kompetansen blant dei som vart intervjuet var svært brei, og mange fleire enn desse er potensielle deltakarar (sjå tabell 1).

I tillegg påpeika mange at dette kunne bli ein interessant deltidsarbeidsplass innan teknologi- og naturfag for studentar som ein har sakna i Sogndal.

Konklusjonen frå underteikna er at relevansen av eit slikt vitensenter for HVL vil vera stor og at fagmiljøa er positivt innstilt til å delta i utviklinga av senteret. Modellen med avsett tid på arbeidsplanen får god tilslutnad.

Eg tilrår at hovudprosjektet for vitensenteret nyttar dette notatet som utgangspunkt for ei vidare kartlegging der ein t.d. arrangerer møter med dei einskilde faggruppene. På den måten kan ein informere om vitensenteret og kartlegge meir nøye kven som ønskjer å bidra inn i utviklingsarbeidet. Deretter kan ein setje ned arbeidsgrupper, gjerne på tvers av faggrupper og andre institusjonar, for å kome i gang med utviklingsarbeidet. Slike arbeidsgrupper vil kunne vera ei viktig kompetansekraft for vitensenteret.

3. Referat frå intervjuet

Her følgjer kortfatta referat (stikkordsmessig) frå intervjuet innanfor faggruppene og til slutt ein oversikt over mulege fagpersonar som kan bidra mot Vitensenter Sogn og Fjordane ved Høgskulen på Vestlandet sitt Campus Sogndal, inkludert fagleg plassering og referanse til personsida på HVL.no for fagleg profil for desse.

1. Faggruppe matematikk, (v/ framtidig institutt innan språkfag og matematikk, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett)

Intervjuet *Jon Ingulf Medbøe, Terje Myklebust, Helene Hauge og Mona Karbaschi Vee*. Det er ein god del fleire aktuelle i fagmiljøet (sjå tabell 1 for utval).

- A) **Interesse:** Stor interesse blant dei intervjuet.
- B) **Tema:** fysisk aktivitet som læringsform, fysiologiske målingar på menneske, statistikk, usikkerheit og stokastisk simulering, koding og programmering, solceller og fornybar energi,
- C) **Installasjonar:** utstyr for fysiologisk måling, utstyr for å illustrere integrasjon, solcelleanlegg, utstyr skulane ikkje kan ha
- D) **Bruk:** studentgrupper (ekskursjon) spesielt innan matematikk og fysikkfaga, masteroppgåver, samle data og observere, planlegge formidlingsopplegg.

- E) **Utviklingsarbeid:** fleire ønska å ha tid på arbeidsplanen for å vera med i utviklingsarbeidet på senteret, nokre var usikre på om dei hadde tid.

2. Faggruppe pedagogikk, (v/ framtidig institutt innan pedagogikk og samfunnsfag, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett)

Intervjua *Erik S. Jenssen*. Kan vera fleire som er aktuelle, men førebels inga vidare kartlegging for dette fagmiljøet sin del.

- A) **Interesse:** Stor interesse frå Jenssen
- B) **Tema:** problemløysing, formidling, nysjerrigheit
- C) **Installasjonar:** ingen spesielle
- D) **Bruk:** forske på kontaktflate skule-utdanning, studentoppgåver
- E) **Utviklingsarbeid:** gjerne vera med i arbeidsgruppe som jobbar med kontaktflata (tema nysjerrigheit) og kolreis få til gode program og etterarbeid etter besøk på senteret. Kjenner godt rammeplanane.

3. Faggruppe idrett, (v/ framtidig institutt innan idrett og naturfag, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett)

Intervjua *Vegard Fusche Moe*. Fleire aktuelle fagfolk innan idrett og friluftsliv, og kroppsøving (sjå også tabell 1)

- A) **Interesse:** Stor interesse frå Moe
- B) **Tema:** Kroppen som utgangspunkt, mennesket i rørsle, fysisk aktivitet som læring, natur og friluftsliv, risiko og skred. Kopling mot andre fagfelt (ikkje berre rein naturvitskap) som språk og kommunikasjon, samfunnskontekst, kva er viten?
- C) **Installasjonar:** installasjonar for å teste koordinasjon og gjerne hastigheit på fotball, dataspel som reagerer på rørsle, leikne element som skapar god læring
- D) **Bruk:** ha med studentkull for å observera spesielt dersom tema er relevante (t.d. kroppen som utgangspunkt), datafangst,
- E) **Utviklingsarbeid:** ja, ønskjer å delta om det er tid

4. Faggruppe geologi (v/ framtidig institutt for miljø- og naturvitskap, Fakultet for ingeniør- og naturvitskap)

Intervjua *Simon de Villiers, Mette Kusk Gillespie og Denise Ruther*. Fleire aktuelle fagfolk i faggruppa som har drive mykje med formidlingsarbeid (sjå tabell 1 for fleire namn).

- A) **Interesse:** Stor interesse blant dei intervjua.
- B) **Tema:** brear og klimaendring, feltarbeid i ekstreme strøk, geologiske ressursar, kart og geografiske informasjonssystem, fornybar energi (vinda, vatn, sol), bruk av avfall som energi, programmering og datateknologi knytt mot natur
- C) **Installasjonar:** 3D-filmer, Sandboks (t.d. UCLA's augmented reality sandbox) for å forme landskap, fornybar energi-installasjonar, system som gjer visning av innsamla data frå nærområdet lett.
- D) **Bruk:** studentgrupper dersom utstyr kan nyttast ved ulik kompetansenivå og det kan nyttast til å simulere og måle
- E) **Utviklingsarbeid:** fleire ønska å ha tid på arbeidsplanen for å vera med i utviklingsarbeidet på senteret. Poengterte betydninga for HVL å drive med utadretta verksemd.

5. Faggruppe Fornybar (v/ framtidig institutt for miljø- og naturvitskap, Fakultet for ingeniør- og naturvitskap)

Intervjua *Geoffrey Gilpin* og *Valeria Jana Schwanitz*. Gruppa har også tilsette med samfunnsvitskapleg bakgrunn og personar som har jobba mot lærarutdanninga (sjå tabell 1 for utval).

- A) **Interesse:** Stor interesse, sannsynlegvis også frå fleire i faggruppa
- B) **Tema:** Fornybar energi vind, vatn og energisparing. Berekraftig utvikling som utgangspunkt. Vitskap med ungdom/samfunn («Citizen science projects»). Økosystemtenester
- C) **Installasjonar:** Hydrologiske system knytt til vasskraft, bølgekraft o.l., Solceller, hydrogenproduksjon, «hus» med smart energibruk, grafisk brukarsnitt for datamaskiner for å formidle. Installasjonar tilpassa bruk på ulike alderstrinn
- D) **Bruk:** Møteplass for teoretisk og praktisk bruk, ideutvikling, studentgrupper (avhengig av installasjonane). Utnytte at det finst eit småkraftverk i nærleiken av tomta, og elles natur og industri i området rundt.
- E) **Utviklingsarbeid:** Interessert å delta i utviklinga og ser at fornybar energi er sentralt begrep.

6. Faggruppe Landskap (v/ framtidig institutt for miljø- og naturvitskap, Fakultet for ingeniør- og naturvitskap)

Intervjua *Torbjørn Dale*, *Tarald Seldal*, *Jan Sulavik*, *Stein Joar Hegland*. Det er mange økologar med mykje naturkunnskap i denne faggruppa, i tillegg fagfolk som jobbar med planlegging og landskapsarkitektur. Fleire med mykje formidlingserfaring (sjå tabell 1 for utval)

- A) **Interesse:** Stor interesse, sannsynlegvis også frå fleire i faggruppa
- B) **Tema:** Samspelet natur og folk, økosystemtenester (t.d. fokus på insekt). Fjorden som system. Vasskraft (inkludert økologiske konsekvensar). FN sine berekraftsmål og berekraftig utvikling som rammeverk for senteret. Teknologi og økologi.
- C) **Installasjonar:** Modell av vatn i elv og fjord i landskapet. Bruk av naturdata (big data) for å kunne sei noko om menneskets påverknad på naturen (t.d. arealbruk). Teste ut teknologi for fornybar energi
- D) **Bruk:** bruke på utanlandske studentgrupper, etterutdanning av lærararar, formidle kunnskap, bruk for studentar om ein har gode installasjonar, fleksible løysingar viktig,
- E) **Utviklingsarbeid:** Interessert å delta i utviklinga og ser at faggruppa kan bidra med mykje om det vert fokus også på levande natur

7. Andre faggrupper og fagmiljø:

Skriftleg tilbakemelding frå teknolog *Erik Kyrkjebø* som har ekspertise på robotikk og kybernetikk:

Tema: Robotikk og programmering; **Installasjonar:** Robotar; både små humanoidar og større samarbeidande (og sikre) robotar som ungar kan programmere med å flytte dei dit dei vil, og også meir leikeaktige robotar som Lego Mindstorms etc. **Utvikling av innhald i senteret:** kunne vore interessant

Det har ikkje vore tid til å involvere så mykje mot fagmiljø innan samfunnsfag, økonomi, idrett (men sjå nokre unntak). Relevante fagmiljø kan vera **Friluftsliv** (programansvarleg Vegard Vereide) og **Reiseliv** (Kristin Løseth, Helene Maristuen), sjå også tabell 1.

I tillegg kan det vera andre fagmiljø og -personar som ønskjer å få sjansen til å delta som ikkje vi kjenner til.

4. Oversikt over fagfolk

Tabell 1. Oversikt over fagmiljø og fagfelt for fagpersonar som er vurdert som mest aktuelle for deltaking i utviklingsarbeid ved Vitensenter Sogn og Fjordane. Tabellen er tenkt brukt for vidare kartlegging og utvikling av vitensenteret i samarbeid med fagmiljøa ved høgskulen.

Namn ¹	Faggruppe	Institutt ²	Fakultet	Personside	Fagfelt ³	Interesse
Jon I. Medbø	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2402504	statistikk, fysiologi	Kanskje
Helene Hauge	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2405361	fysikk, didaktikk	Ja
Terje Myklebust	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400184	statistikk, matematikk	Ja
Mona K. Vee	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=6018054	fysikk	Kanskje
Kristin S. Myhra	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2405763	matematikk	Ikkje intervju
Jon Henjum	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	Emiritus	matematikk	Ikkje intervju
Tom Rune Kongelf	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400147	matematikkdidaktikk	Ikkje intervju
Frode Olav Haara	Matematikk	Språk og matematikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400082	matematikkdidaktikk	Ikkje intervju
Eirik S. Jenssen	Pedagogikk	Pedagogikk	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400129	pedagogikk	Ja
Vegard F. Moe	Idrett	Idrett	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400176	vitskapsfilosofi	Ja
Vegard Vereide	Friluftsliv	Idrett	Lærarutd, kultur og idrett	https://www.hvl.no/person/?user=2400298	friluftsliv	Ikkje intervju
Mette K. Gillespie	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2404845	glasiologi, geofysikk	Ja
Denise Ruth	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2404353	sedimentologi, geomorfologi	Ja
Simon de Villiers	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2403079	fysikk, snøskred,	Kanskje
Helge Henriksen	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400106	strukturgeologi, hydrogeologi	Ikkje intervju
Deta Gasser	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2406080	bergrunnsgeologi, norges geologi	Ikkje intervju

Thomas Scheiber	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2406079	strukturgeologi, tektonikk	Ikkje intervju
Matthias Paetzel	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400212	maringeologi, miljøforhold i fjord, miljøvitskap	Ikkje intervju
Jacob Yde	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2403303	glasiologi, klima, mikrobiologi	Ikkje intervju
Stein Bondevik	Geologi	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2401279	kvartærgeologi, geofare	Ikkje intervju
Geoffrey Gilpin	Fornybar	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2403443	ingeniørfag, bioenergi,	Ja
Valeria J. Schwanitz	Fornybar	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2405775	fysikk, økonomi, klima og energi	Ja
Erling Holden	Fornybar	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2401941	berekraftig utvikling, miljø og energi	Ikkje intervju
August Wierling	Fornybar	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2406203	fysikk, klima og energi	Ikkje intervju
Bente J. Rygg	Fornybar	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2402111	statsvitskap, energi- og miljøpolitikk	Ikkje intervju
Torbjørn Dale	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400044	akvatisk og marin biologi, zoologi	Ja
Tarald Seldal	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400238	zoologi, botanikk	Ja
Jan Sulavik	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2405749	botanikk, fjelløkologi	Ja
Stein Joar Hegland	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2402259	dyr-plante økologi, landskapsøkologi	Ja
Inger Auestad	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400018	botanikk, restaureringsøkologi	Ikkje intervju
Knut Rydgren	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400227	botanikk, restaureringsøkologi	Ikkje intervju
Liv Norunn Hamre	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400088	botanikk, landskapsøkologi	Ikkje intervju
Eli Heiberg	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400101	naturforvaltning og miljørett, sopp	Ikkje intervju
Mark Gillespie	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2405074	økologisk entomologi, arktisk økologi	Ikkje intervju

Julien Vollering	Landskap	Miljø- og naturvitskap	Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2405703	generell og anvendt økologi	Ikkje intervju
Erik Kyrkjebø	Teknologi		Ingeniør og naturvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2403653	robotikk, kybernetikk	Ja
Kristin Løseth	Reiseliv	Økonomi- og administrasjon	Økonomi og samfunnsvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2400572	naturbasert reiseliv	Ikkje intervju
Helene Maristuen	Reiseliv	Økonomi- og administrasjon	Økonomi og samfunnsvitskap	https://www.hvl.no/person/?user=2403670	naturbasert reiseliv	Ikkje intervju

1. Lista er ikkje fullstendig. Fleire fagfolk kan vera aktuelle og vil kunne melde sin interesse. I tillegg kjem fagfolk frå andre campus enn Sogndal
2. Institutttnamn er mellombelse kallenamn og ikkje fastlagd
3. Basert på vurdering i samtalar, på personsida på nett eller skjønner der underteikna hadde kunnskap. Sjå personside for meir detaljar. Med atterhald om feil.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/11522-1
Saksbehandler Arnstein Menes

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

096/17

RAPPORT OPPTAK 2017

Forslag til vedtak:

Styret tek sak om opptak 2017 og opptaksrapport 2017 til vitande.

Samandrag:

Styret vert i denne saka orientert om opptak av nye studentar til HVL i 2017.

Vedlegg:

[Opptak 2017 – tallrapport](#)

Saksframstilling:

Innleiing

Hausten 2016 etablerte opptakskontora ved dei tre høgskulane eit felles opptakskontor der det vart laga felles forskrift om opptak til HVL og utfyllande retningslinjer for opptak, som begge vart vedtekne i januar 2017. Gjennom eit godt samarbeid har dei tre opptakskontora skapt felles rutinar og forståing for korleis opptaket for haust 2017 skulle gjennomførast. Opptak for våren 2017 er omtala i eit eige avsnitt.

For hausten 2017 har det i stor grad vore vidareføring av studietilbod frå dei tre gamle høgskulane. Alle søknader er handsama gjennom Felles Studentsystem (FS). Grunnutdanningar (med unnatak av PPU) og integrerte masterutdanningar er utlyst i Samordna opptak (SO). Gjennom eit godt samarbeid i SO sin regi, og tett kontakt mellom opptakskontora på Vestlandet frå tidlegare år, har arbeidet med det samordna opptaket til grunnutdanningane fungert godt.

Med ny organisering i HVL vil også opptak tilpasse framtidig rapportering i høve denne. HVL rapporterte hausten 2017 tal til DBH fordelt på nærregionane for siste gong. Difor er det i år laga flest samanlikningar på utdanningsområde og studium, medan det for dei komande åra og vil vere naturleg å lage samanlikningar for kvart fakultet og institutt.

Når det gjeld lokale opptak til emne, forkurs for ingeniør, realfagskurs/TRESS, Y-veg, vidareutdanningar, innpassing til 2. og 3. studieår, PPU og masterutdanningar, har alle desse opptaka vore organisert gjennom ein felles SøknaWeb. Desse opptaka har vore noko ulikt organisert i form av ansvarsfordeling mellom medarbeidarane i dei ulike nærregionane, og inndeling i høve den faglege organiseringa. Hausten 2016 brukte opptakskontoret mykje tid på å organisere og få oversikt over alle dei lokale opptaka. Erfaringane syner at det er krevjande å ha kunnskap om alle utdanningane på tvers av nærregionane, og at det difor må brukast ein del tid på å koordinere dette området vidare.

Vurderingar knytt til studieporteføljen ved HVL er omtala i eiga styresak.

Opptak våren 2017

Før etableringa av HVL hausten 2016, vart ein samde om at søknader til våropptaket 2017 skulle handterast av dei respektive opptakskontora ved HiB, HSH og HiSF. Det var eit avgrensa tal studietilbod som vart lyst ut med oppstart januar 2017. Sjukepleiarutdanninga i Førde hadde god søknad, og det same kan seiast om det halvårige realfagskurset som vart arrangert i Bergen. I tillegg til dette vart det gjort opptak til nokre vidareutdanningar og emne.

Denne styresaka er i det vidare ein omtale av opptaket for hausten 2017.

Rekruttering

Opptak samarbeider tett med rekrutteringsgruppa gjennom heile året. Data frå opptak vert nytta i arbeidet med å kartlegge ulike søkjargrupper. I juli 2017 svarde 2310 av våre førsteprioritetssøklarar gjennom SO på ei marknadsundersøking gjennomført av rekrutteringsgruppa. Undersøkinga syner at 54 % av førsteprioritetssøklarane hadde bestemt seg før 1. januar om kva studium dei ynskte å søkje på. 40 % bestemmer seg frå 1. januar og fram til søknadsfristen 15. april, og her syner undersøkinga at nettsidene til HVL er ei svært viktig kjelde for å informere søklarane om våre studietilbod.

Mange av søklarane trekkjer fram studiestaden som viktig for valet deira, men fyrst og fremst er det viktig at HVL tilbyr relevante studium med gode jobbutsikter etter fullført utdanning. Berre 7 % fortel at det å ta deler av studiet i utlandet var svært viktig for valet deira. Derimot seier heile 23 % at det er svært viktig å kunne ha jobb ved sidan av studiet. Studentmiljøet vert og trekt fram som viktig.

Slik kopling mot søkjarmassen kan potensielt gje oss meir innsikt i studiesøklarane sine val, og i samarbeid med fakulteta vil ein kunne få meir kunnskap om og frå søklarane til kvart einskild utdanningsområde/studium. Koplinga mellom opptak og rekruttering er viktig for å kunne gjere naudsynte strategiske justeringar inn mot aktuelle søknadsfristar.

Klagehandsaming

Opptak har samla motteke fire klagar i samband med opptaket hausten 2017. Ingen av klagarane fekk medhald. Tre av desse klagane er handsama i HVL si klagenemnd. Ei sak gjeld opptaksgrunnlag til master, og to saker gjeld vurdering av relevant arbeidserfaring for opptak med grunnlag i realkompetanse til eit studium i det samordna opptaket. Den siste saka gjekk til Nasjonal klagenemnd og omhandla vurderingar knytt til søknad om særskilt vurdering.

Opptakskontoret har motteke ei rekkje spørsmål knytt til grunngjeving for avslag med meir, og nyttar mykje tid på å svare desse på ein grundig og forståeleg måte. Dette arbeidet har fungert godt fyrste året etter fusjonen, og har saman med dyktige sakshandsamarar vore hovudårsaka til at HVL har motteke få klagar samanlikna med det ein samla hadde hausten 2016 ved HiB, HSH og HiSF.

Setjing av tilbodstal, overbooking

I sak om studieporteføljen er det lista opp tal studieplassar og måltal for dei einskilde utdanningane. Det er utfordrande å setje tilbodstal for å få rett tal studentar som til slutt gjennomfører eit studium, og dette er ei problemstilling opptak arbeider mykje med. Ved setjing av tilbodstal, i tett samarbeid med fakulteta, vert det lagt til grunn erfaringstal frå tidlegare år. Dersom vi skal få nok studentar på dei ulike studia må vi gje eit høgare tal tilbod enn det tal studieplassar som er bestemt. Om ein ser på tal tilbod gjeve til 1. prioritetssøklarar, 3612 stk, takka 2660 av dei ja, medan 2389 av dei

møtte ved studiestart. Me veit vidare at søkjarar med lægre prioritet tenderer til å vere meir ustabile i sitt oppmøte.

Utanlandske søkjarar

Master i psykisk helse- og rusarbeid (deltid 67%)	120	Bergen	60	0		140 Sjå års- studium vidareut- danning	51	Omfordelt 15 studieplasser fra vernepleie til masterutdanning fra vernepleie til masterutdanning fra 2017/18, jf. Styresak 37/2016
Master samhandling	120	Førde		0	30 D	Ikkje opptak 2017		Ikkje opptak haust 2017
Vidareutdanning AOI/Master klinisk sjukepleie	90	Førde		12	18			
Master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap	120	Stord	30	30	15H/30D	14	9	
Vidareutdanning AOI/Master klinisk sjukepleie ¹	90	Haugesund	0	22	19	23	13	A: 4 I: 10 O: 5

Tabell 1 Forslag til eigenfinansierte studietilbod 2018-2019 med opptaksrammer ved FHS¹ Ny rad oppdatert tabell ettersendt 29.11.17

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) Forslag til eigenfinansiert studietilbod med opptaksrammer for studieåret 2018/2019								
Fagkule- utdanning	Omfang studie- poeng	Studie- stad	Studie- plassar 2016- 2017	Studie- plassar 2017- 2018	Forslag til studie plassar 2018-2019 (H=Heiltid/ D=Deltid)	Søkarar førsteval Pr. 15. 04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Yrkes dykker- utdanning	1-årig	Bergen	22	22	22 (H)	67	24	Studieplassar til yrkesdykkerutdanning inngår ikkje i det samla talet på studieplassar ved fakultetet.
Forkurs	Omfang studie- poeng	Studie- stad	Studie- plassar 2016- 2017	Studie- plassar 2017- 2018	Forslag til studie plassar 2018-2019 (Heiltid/ Deltid)			Merknad
Forkurs for ingeniør –og sivil ingeniørutd	1-årig	Bergen	75	75	75(H)	256	47	Studieplassar til forkurs inngår ikkje i det samla talet på studieplassar ved fakultetet.
	1-årig	Førde	30	30	30	60	29	Studieplassar til forkurs inngår ikkje i det samla talet på studieplassar ved fakultetet.
Realfag kurs (vår)		Bergen	110	110	110 D	263	40	Studieplassar til forkurs inngår ikkje i det samla talet på studieplassar ved fakultetet.
Halvtårs- studium/ Årsstudium/ Vidareutd.	Omfang studie- poeng	Studie- stad	Studie- plassar 2016- 2017	Studie- plassar 2017- 2018	Forslag til studie plassar 2018-2019 (Heiltid/ Deltid)	Søkarar førsteval Pr. 15. 04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Medisinsk laboratorietek nikk	20	Bergen		4	4 D	23	11	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

From Mountain to Fjord	30	Sogndal	15	30	12,5H/25D	38	38	
Geohazard and Climate Change	30	Sogndal		20	12,5H/25D		vår	Det er meldt inn behov for 7,5 nye studieplassar Geohazard and Climate Change starta opp med strategiske midlar inneverande studieår, og for at HVL skal vere forutseieleg tilrår rektor derfor at dette emnet får ei ekstra løyving på kr 400 000for studieåret 2018-19. Fakultet må vurdere dette i den komande saka om framtidig studieportefølje
Natur- og teknologi årsstudium	60	Sogndal			0		1	Det er meldt inn at fakultetet ønskjer 25 studieplassar (heilårsekvivalentar) samla til internasjonale semestertilboda From Mountain to Fjord og Geohazard and Climate Change. Ein ønskjer å omprioritera studieplassar frå Årsstudium Naturfag til desse to programma samt få tilført nye studieplassar. Årsstudium vert, som ein konsekvens av dette, føreslått nedlagt
Beredskaps- ledelse	30	Haugesund	50	50	25 (H)/50 (D)	107	55	
Offshore sjukepleie	30	Haugesund			20 H/40 D	33		Ikkje oppstart 2017
Bachelor-program, ingeniørfag	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (H/D)	Søkarar førsteval Pr. 15. 04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Ingeniørfag Automatiseringsteknikk	180	Bergen	37	43	43	57	33	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbud med opptaksrammer 2018-2019

Ingeniørfag, elektro, automati seringsteknikk	180	Førde			25	34	12	Opptakstall for 2017 er inkludert Y-veg og tresemesterordning
Ingeniørfag, Brann-sikkerhet	180	Haugesund	40	40	40	34	21	
Ing. Bygg	180	Bergen	98	106	92	207	135	
	180	Førde		25	25	37	16	Opptakstall for 2017 er inkludert Y-veg og tresemesterordning Det er søkt om nye studieplassar, Dette har ein ikkje fått,. Rektor tilrår likevel at ein lyser ut studiet og ser opptaket i samanheng med det totale talet på studentar i ingeniørutdanninga. Tilbodet har mykje felles undervisning med studiet i Bergen.
Ing. Data	180	Bergen	48	70	65	121	68	
Ing. Elektronikk	180	Bergen	34	34	34	25	23	
Ingeniørfag, Elektro Y-vei (Fulltid)	180	Haugesund		30	30	46	16	
Ingeniørfag, elektro for fagteknikere	180	Stord	30	40	20	4	0	
Ing. Elkraftteknikk	180	Bergen	38	48	48	62	47	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Ingeniørfag elektro, energi, elkraft og miljø	180	Førde		20	20	34	13	Opptakstall 2017 er inkludert Y-veg og tresemesterordning
Ing. Energi- teknologi	180	Bergen	37	42	42	41	46	
Ing. Kjemi	180	Bergen	29	29	29	25	27	
Ing. Kommunika- sjonssystemer	180	Bergen	25	25	25	14	21	
Ing. Allmenn maskinteknikk	180	Bergen	42	50	44	55	44	
Ing. Allmenn maskinteknikk desentralisert	180	Florø		Avlyst	30	6		Avlyst 2017/2018 Nytt studium 2018/2019, jf. Supplerande tildelingsbrev 30.06.17
Ingeniørfag, maskin	180	Haugesund	55	55	55	26	13	
Ing. maskin for fagteknikere	180	Stord	30	40	20	4	0	Ingeniørutdanning i Sunnhordland
Ing. Produksjon- steknikk	180	Bergen	27	33	33	18	18	
Ing. Marinteknikk	180	Bergen	42	38	38	32	26	
Ing. Havteknologi	180	Bergen	49	36	32	17	24	Nytt namn, jf. styresak 085/17 Tidlegare namn: Undervassteknologi
Ing. Havteknologi – desentralisert	180	Florø		Avlyst	24			Nytt namn, jf. styresak 085/17 Tidlegare namn: Undervassteknologi Avlyst 2017/2018

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Ing. Havteknologi desentralisert (Kristiansund)	180	Kristiansund		Avlyst	30			Avlyst 2017/2018 Oppstart 2018/2019 - Med atterhald om tildeling av nye studieplassar frå KD
Bachelor i ingeniørfag, HMS	180	Haugesund	35	35	35	22	15	
Andre bachelor-program	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie plassar 2018-2019 (Heiltid/ Deltid)	Søkarar førsteval Pr. 15. 04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Informasjons-teknologi	180	Bergen	28		35	63	40	
	180	Førde			15			Nytt studium 2018-19. Tildelt frå nye studieplassar. Utviding til fleire studieplassar avhengig av ekstern finansiering, nye studieplassar (KD) og prioriteringar ved fakultetet.
Landmåling og eiendoms-design	180	Bergen	30		40	107	49	
Landskapsplan legging med arkitektur	180	Sogndal	25	25	25	45	32	
Geologi og geofare	180	Sogndal	25	25	25	31	18	
Fornybar energi	180	Sogndal	25	25	25	40	30	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Bioingeniørfag	180	Bergen	52		52	147	57	
Master-program	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie plassar 2018-2019 (Heiltid/ Deltid)	Søkarar førsteval Pr. 15. 04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Fellesgrad program utvikling (fellesgrad med UiB)	120	Bergen	20	25	25			Opptak ved UiB
Innovation and Entrepreneurship (fellesgrad med UiO)	120	Bergen	15	15	15			Opptak ved UiO
Havteknologi (samarbeid med UiB)	120	Bergen			5			Første opptak 2018/2019
Undervannsteknologi (samarbeid med NTNU 2. studieår)	120	Bergen	8	8	3			Opptak ved NTNU
Kommunikasjonssystemer (samarbeid med UiO)	120	Bergen	5	5	5			Opptak ved UiO. Føreset vidareføring av avtalen mellom HVL og UiO
Energi	120	Bergen	6	6	6			Opptak ved UiB

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptakssrammer 2018-2019

teknologi (samarbeid med UiB)								
Areal og eiendom	120	Bergen	20	25	25	99	26	
Climate Change Management	120	Sogndal	20	20	20	137	17	
Brannsikker- het - heiltid	120	Haugesund	10	15	15	40	8	
Brannsikker- het - deltid	120	Haugesund	10	15	10	13	5	

Tabell 2 Forslag til eigenfinansierte studietilbod 2018-2019 med opptakssrammer ved FIN

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbud med opptakssrammer 2018-2019

Fakultet for lærar, kultur og idrett (FLKI)								
Forslag til eigenfinansiert studietilbud med opptakssrammer for studieåret 2018/2019								
Halvtårsstudium/ Årsstudium/ Vidareutdanningar	Omfang studie- poeng	Studie- stad	Studie- plassar 2016-2017	Studie- plassar 2017-2018	Forslag til studieplassar 2018-2019 (H=Heiltid/ D=Deltid)	Søkarar førsteval Pr. 15.04.17	Studentar møtt Pr. 05. 10.17	Merknad
Småbarnspedagogikk	30	Bergen	30	30	30	38	20	Studietilbudet vil få nytt namn i tråd med Handlingsplan frå KD om kompetanseutvikling i barnehagar og skular
Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen - Forebyggende og tidlig innsats.	30	Bergen	30	30	30			Studietilbudet vil få nytt namn i tråd med Handlingsplan frå KD om kompetanseutvikling i barnehagar og skular
Praktisk pedagogisk utdanning, deltid	60	Bergen		95	110 (D)	205	87	PPU -Yrkesfag Dei nye studieplassene som vart tildelt i 2016 ble alle tatt opp til i 2016. Opptaket i 2017 vert justert i forhold til dette
	60 60	Sogndal Sogndal		40(H) 0(D)	40 (H og D) 60 (D)	243		PPU (Allmennfag) Heiltid og deltid PPU deltid (Yrkesfag+Allmennfag)
	60 60	Stord Stord	90 60	125 85	65(H)/130 (D) 35(H)/70 /D)	626 226	114 42	PPU-Allmennfag PPU-Yrkesfag
Idrett årsstudium	60	Sogndal		30	30	54	33	
	60	Stord	20	20	20	21	13	
Personleg trenar	60	Sogndal		25	25	57	34	
Engelsk årsstudium	60	Sogndal		25	30	19	26	
	60	Stord	20	20	20	21	21	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Global Knowledge	30	Sogndal			15/30			Delvis finansiert av avdelinga si ramme til GLU/BLU
Outdoor Education - haust	30	Sogndal		15	20			
Fjords and Glaciers	30	Stord		16	8H/16D			
Kunst og håndverk, årsstudium	60	Stord	20	20	20	15	15	
Musikk årsenhet	60	Stord	15	20	20	14	13	
Samfunnsfag årsstudium	60	Stord	30	30	30	22	28	
Bachelorprogram	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (H/D)	Søkarar førsteval Pr. 150417	Studentar møtt Pr. 5. 10.17	Merknad
Barnehagelærer med vekt på barns utvikling, lek og læring	180	Bergen	95	70	140	99	85	
Barnehagelærer med vekt på kunst,kultur og kreativitet	180	Bergen	65	60	35	30	49	
Barnehagelærer med vekt på natur,helse og bevegelse	180	Bergen	65	70	70	46	64	
Barnehagelærer med vekt på språk,tekst og matematikk	180	Bergen	35	60	35	13	59	
Barnehage	180	Sogndal		35	40	46	44	
	180	Stord	65	65	65	80	63	
Barnehagelærer deltid	180	Bergen	35	35	35 D			
Barnehagelærer deltid	180	Sogndal		33	0	42	25	Neste opptak haust 2019
Bachelor i drama og anvendt teater(opptak	180	Bergen	24		24			Ikkje opptak i 2017

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

annethvert år)Ikke opptak 17/18								
Bachelorstudium i tegnspråk og tolking	180	Bergen	24	24	24	39	26	
Bachelorstudium i tegnspråk og tolking, suppleringsopptak andre år	180	Bergen	5	5	5			
Bachelor i folkehelsearbeid med vekt på kosthold, fysisk aktivitet og helse	180	Bergen	24	24	24	45	37	
Faglærerutdanning i kroppsøving og idrettsfag	180	Bergen	32	32	32	116	30	
Faglærerutdanning i kroppsøving og idrettsfag, suppleringsopptak andre	180	Bergen	8	0	4			
Idrett, fysisk aktivitet og helse	180	Sogndal		30	30	54	33	
Idrett og kroppsøving	180	Sogndal		20	20	52	31	
Friluftsliv	180	Sogndal		20	20	74	33	
Bachelor - 3-årig faglærerutdanning i musikk	180	Stord	10	20	20	8	4	
Community Music	180	Stord	10	20	20	8	4	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Masterprogram	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (H/D)	Søkarar førsteval Pr. 150417	Studentar møtt Pr. 5. 10.17	Merknad
Mastergrad Grunnskolelærer-utdanning 1.–7.	300	Bergen		186	182	263	172	
	300	Sogndal		36	36	30	21	
	300	Stord		54	54	41	15	
Mastergrad Grunnskolelærer-utdanning 5.-10	300	Bergen		176	183	339	181	
	300	Sogndal		40	50	59	53	
	300	Stord		36	36	74	41	
Mastergrad i undervisningsvitenskap med fordypning i norsk fagdidaktikk	120	Bergen	50	50	50	15	13	
Mastergrad i undervisningsvitenskap med fordypning i engelsk fagdidaktikk	120	Bergen				17	7	
Mastergrad i undervisningsvitenskap med fordypning i matematikk fagdidaktikk	120	Bergen				25	14	
Mastergrad i undervisningsvitenskap med fordypning i pedagogikk	120	Bergen				19	6	
Mastergrad i samfunnsfagdidaktikk	120	Bergen	15	15	15	31	14	
Mastergrad i barne- og ungdomslitteratur	120	Bergen	10	10	10	24	11	

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Mastergrad i musikkpedagogikk	120	Bergen	10	10	10	21	10	
Mastergrad i dramapedagogikk (neste opptak 2019)	120	Bergen			Ikkje opptak	12	4	
Mastergrad i fysisk aktivitet og kosthold i et skolemiljø	120	Bergen	15	15	15	31	9	
Mastergrad i barnehagekunnskap,	120	Bergen	20	20	20	26	9	
Master læring og undervisning	120	Sogndal		20	20 (H+D)	49	10	
Master i spesialpedagogikk	120	Sogndal			25 (D)			
Master idrettsvitenskap	120	Sogndal		20	20 (H)	76	14	
Masterstudium Kreative fag og læreprosesser	120	Stord		25	16,5 (H)/25(D)	37	12	
Masterstudium IKT i læring	120	Stord		25	16,5 (H)/25(D)	38	15	

Tabell 3 Forslag til eigenfinansierte studietilbod 2018-2019 med opptaksrammer ved FLKI

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptaksrammer 2018-2019

Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS)								
Forslag til eigenfinansierte studietilbod 2018-2019 med opptaksrammer								
Årsstudium	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (Heiltid/ Deltid)	Søkjarar førsteval Pr. 15.04.17	Studentar møtt Pr. 05. 10.17	Merknad
Logistikk	60	Bergen	5	5	5 (H)	66	6	
Ungdomssosiologi	60	Sogndal	20	20	20 (H)	20	24	
Samfunnsfag	60	Sogndal ²	20	20	20 (H)	27	26	
Historie	60	Sogndal	15	15	15 (H)	8	16	Finansierast innanfor fakultetsramme
Jus	60	Sogndal	25	25	25 (H)	44	29	
Bachelor-program	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (H/D)	Søkjarar førsteval Pr. 15.04.17	Studentar møtt Pr. 05.10.17	Merknad
Økonomi og administrasjon - heiltid	180	Bergen	90	90	90 (H)	439	168	
	180	Haugesund	90	90	90 (H)	130	113	
	180	Sogndal	55	55	55(H)	72	60	
Økonomi og administrasjon - deltid	180	Haugesund	10	30	18 H/30 (D-0,6)	58	30	
Bachelor i nautikk	180	Haugesund	38	38	38 (H)			
Bachelor i nautikk Y-vei	180	Haugesund	10	10	10	36	10	
Økonomi og jus	180	Sogndal	25	25	25 (H)	40	37	
Eigedomsmekling	180	Sogndal	35	35	35 (H)	101	30	
Reiselivsleing bachelor	180	Sogndal	25	25	25 (H)	39	20	

² Rettet fra «Stord» 06.12.17

Samla oversikt frå fakulteta – studietilbod med opptakssrammer 2018-2019

Natur- og opplevingsbasert reiseliv	180	Sogndal	20	20	20 (H)	26	23	Finansierast innanfor fakultetsramme.
Historie bachelor	180	Sogndal	15	15	15 (H)	6	10	
Sosiologi - ungdomsosiologi bachelor	180	Sogndal	15	15	15 (H)	20	24	
Masterprogram	Omfang studie-poeng	Studie-stad	Studie-plassar 2016-2017	Studie-plassar 2017-2018	Forslag til studie-plassar 2018-2019 (H/D)	Søkjarar førsteval Pr. 15.04.17	Studentar møtt Pr.05.10.17	Merknad
Master i innovasjon og ledelse, samfunnsvitskapleg retning	120	Bergen	20	20	25 (H)	232	25	
Master i maritime operasjoner	120	Haugesund		30	30 (H)	51		Nytt studieprogram. Fellesgrad.
Master i organisasjon og leiing	120	Bergen			15 (H)/30(D)			Dobbelt opptak Sogndal/Haugesund 17H - 60 plassar, 1.pri-tal er til 60 plassar Opptak Bergen 2018/2019
	120	Sogndal	30	30		25	17	
	120	Haugesund				40	27	

Tabell 4 Forslag til eigenfinansiert studietilbod 2018-2019 med opptakssrammer ved FØS



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/11724-2
Saksbehandler Wenche Fjørtoft

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

099/17

DELEGASJON AV TILSETTING I UNDERVISNING OG FORSKARSTILLINGAR - OPPRETNING OG SAMANSETTING AV TILSETTINGSUTVAL

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Høgskulen på Vestlandet skal ha fire fakultetsvise tilsettingsutval for undervisnings- og forskarstillingar.
2. Tilsettingsutvala skal behandle alle tilsettingssaker som gjeld undervisnings- og forskarstillingar.
3. Tilsettingsutvala for undervisnings- og forskarstillingar på fakultetsnivå skal ha seks medlemmer, med følgjande samansetting: dekan, instituttleiar, prorektor/organisasjonsdirektør, to tilsettere representantar og ein studentrepresentant
4. Næraste leiar er innstillande mynde ved tilsetting i undervisnings- og forskarstillingar.
5. Høgskulen på Vestlandet skal ha eitt tilsettingsråd for tekniske/administrative stillingar.
6. Styret ber om at det vert utarbeidd nærare retningslinjer for vurderings- og innstillingsprosessen.
7. Styret vidarefører delegasjon til rektor som vedteke i mellombels delegasjonsreglement for 2017.
8. Styret gjev rektor fullmakt til å revidere delegasjonsreglement i tråd med ny organisering frå 1.1.2018

Samandrag

I saka vert det vist til lovgrunnlaget i lov om statens ansatte (statsansattelova) og universitet- og høgskulelova (UH-lova) for regulering av tilsettingsprosessar i universitet og høgskular. Det vert gjort nærare greie for styret sitt høve til å delegere tilsettingsmynde til eitt eller fleire tilsettingsorgan.

Det vert vist krav til tilsettingsorgan for teknisk/administrative tilsette, og drøfta alternativa for delegasjon av tilsettingsmynde i og undervisnings- og forskarstillingar til tilsettingsutval.

Rektor foreslår eitt tilsettingsråd for tekniske/administrative stillingar i tråd med krava i statsansattelova. Vidare foreslår rektor delegasjon til, samt oppretting og samansetting av fakultetsvise tilsettingsutval for tilsetting i undervisnings- og forskarstillingar.

Vedlegg:

[Sak 055/16 Tilsettingsorgan](#)

[Sak 055/16 - Protokoll](#)

[Midlertidig delegasjonsreglement for HVL for 2017](#) (jf. sak 045/17)

Saka har ikkje trykte vedlegg.

Saksframstilling:

1. Bakgrunn

Interimsstyret gjorde følgjande vedtak i sak 55/16, 22. desember 2016:

1. «Noverande tilsettingsorgan for HiSF, HiB og HSH får fullmakt til å tilsetje i stillingar knytt til nærregionane frå 01.01.17 til styret har gjort nytt vedtak.
2. Det vert etablert eit mellombels tilsetjingsråd for administrative stillingar over nærregionnivået for perioden 01.01.17-31.12.17...»

Det er behov for å få på plass ei ny organisering av tilsettingsorgana som er tilpassa den nye organisasjonen frå 1.1.18.

2. Lovgrunnlaget

Lov om statens ansatte mv. (statsansattelova) regulerer tilsettingsorganet for teknisk/administrative stillingar. Universitet- og høgskulelova regulerer tilsetting i undervisnings- og forskingsstillingar (UF-stillingar). Tilsettingsorgan skal sjå til at tilsettingsprosessen har fulgt krav sett ned i lovverk, sentrale retningslinjer og at kvalifikasjonsprinsippet i staten er lagt til grunn. Tilsettingar i staten skal som hovudregel skje gjennom ei to-trinns handsaming; ein instans som innstiller og ein instans som har tilsettingsmynde.

2.1 Teknisk/administrative stillingar

Etter UH-lova § 11-1 nr fastset styret om det skal vere eitt eller fleire tilsettingsråd ved institusjonen. Nærare reglar for oppnemning og samansetting av tilsettingsråd for teknisk/administrative stillingar er gitt i statsansattelova § 6, *Ansettelse*. Lova regulerer bl.a. at det i tilsettingsråd skal vere like mange ordinære representantar for dei tilsette som representantar for arbeidsgivar/administrasjonen, og at arbeidsgivar oppnemner leiaren.

2.2 Undervisnings- og forskarstillingar

I UH-lova § 6.3 står det:

"(1) Ansettelse i undervisnings- og forskerstillinger foretas av styret, eller etter styrets beslutning av underordnet organ eller ett eller flere ansettelsesutvalg. Styret selv fastsetter sammensetningen av ansettelsesutvalget. Studentene skal være representert i ansettelsesorganet, hvis ikke styret enstemmig bestemmer noe annet.... (5) Styret selv bestemmer hvem som skal innstille og fastsetter nærmere regler om innstilling m.m»

3. Organisering ved andre institusjonar

I UH-sektoren finn vi ulike løysingar for organisering og samansetnad av tilsettingsorgan. Dei fleste universitet og høgskular opererer med eitt felles tilsettingsorgan for teknisk/administrative stillingar på institusjonsnivå. For tilsetting i UF-stillingar går det eit hovudskilje mellom å delegere tilsettingsmynde til fakultetsnivå, eller til tilsettingsorgan på institusjonsnivå for alle UF-stillingar.

Eksempelvis har særskilt universitet og nokre høgskular, som t.d. UiB, UiO, UiT, NTNU, UiS og HiOA delegert tilsettingsmynde UF-stillingar til utval på fakultetsnivå. Tre nyleg fusjonerte høgskular/universitet (Nord, HINN, HSN) har delegert tilsettingsmynde for UF-stillingar til felles tilsettingsorgan på institusjonsnivå. HSN har eitt utval for undervisnings og forskarstillingar og eitt utval for tilsetting i stipendiatstillingar.

4. Tilsettingsorgan ved HVL

Tilsettingsorgana skal handsame og gjere vedtak i tilsettings- og opprykkssaker, oppseiing- og disiplinærsaker, samt permisjonssøknader av ei viss lengde som ikkje er knytt til rettar etter lov- og avtaleverk ved HVL. Tilsettingsorgana har eit særskilt ansvar for å sikre at prosessen har vore i samsvar med lov og regelverk, og at det i tilsettingssaker er den best kvalifiserte kandidaten, etter nærare gitte kriterium i utlysninga, som vert tilsett.

Valgt løysing for delegert tilsettingsmynde må også støtte opp under at rekruttering og tilsettingar er eit strategisk viktig område for Høgskulen på Vestlandet. Tilsettingsorgan(a) har difor også eit viktig strategisk ansvar for høgskulen sin framtidige kompetanseprofil.

4.1 Tilsettingsråd for teknisk administrative stillingar

Ambisjonen om ei heilskapleg utvikling av dei samla administrative tenestene i HVL tilseier at det bør vere eitt tilsettingsråd, på institusjonsnivå, for alle teknisk administrative stillingar ved HVL.

Samansetting må sikre krava i statstenestemannslova; det skal leiast av en person som er oppnemnd av arbeidsgivar, og rådet skal bestå av like mange medlemmer frå arbeidsgivarsida som frå arbeidstakarsida. Nærare fastesetting av samansettinga av tilsettingsrådet vert gjort i nytt personalreglement, som skal forhandlast med tenestemannsorganisasjonane.

4.2 Tilsettingsutval for undervisnings- og forskarstillingar

Rektor tek utgangspunkt i at styret kan delegere tilsettingsmyndet i UF-stillingar til fakultetsvise tilsettingsorgan eller til eitt tilsettingsutval på institusjonsnivå. I argumentasjonen for plassering av tilsettingsutvala på fakultetsnivå eller på institusjonsnivå vert det lagt til grunn ulike omsyn.

Fordelar med fakultetsvise utval:

- Tilsettingsutvalet har nærleik og kjennskap til fakulteta si faglege verksemd og fakultetet sin kompetanseprofil.
- Eit stort tal tilsettingssaker vert fordelt på fleire tilsettingsutval. Dette gjev utvala ei handterleg mengd saker, og kan slik gi meir effektive prosessar.

Mogelege ulemper med fakultetsvise utval:

- Kan utfordre prinsippet om einskapleg handsaming og lik praksis på tvers av fakultet i tilsettingssaker.
- Kan gje behov for auka tids- og ressursbruk knytt til tilsettingssakene, ved at fleire personar sit i tilsettingsutval, og ved at det kan vere behov for meir sakshandsamingskapasitet når fleire utval skal ha administrativ støtte.

Fordelar med tilsettingsutval på institusjonsnivå:

- Legg betre til rette for einskapleg handsaming og lik praksis i tilsettingsutvala.
- Kan sikre ei meir heilskapleg tilnærming til at utviklinga av HVL sin samla kompetanseprofil er i tråd med vedtekne mål og strategiar.

Mogelege ulemper med tilsettingsutval på institusjonsnivå:

- Saksmengda kan bli for stor til at:
 - tilsettingsprosessane vert gjennomført effektivt
 - tilsettingsutvalet evner å ivareta ein fagleg strategisk rolle med å ivareta ein heilskapleg kompetanseprofil i HVL.

5. Oppdatert delegasjonsreglement

I sak 045/16 vedtok interimstyret mellombels delegasjonsreglement for HVL. Reglementet er bygd på mellombels organisering for 2017, og innhaldet er tilpassa at organiseringa av nærregionane vart vidareført. Det inneber at reglementet i tillegg til delegasjon frå styret til rektor også omtala vidare delegasjon frå rektor til organisasjonsstrukturen i dei tre nærregionane. Konkretisering av vidare delegasjon frå rektor er normalt ikkje del av eit overordna delegasjonsreglement. Dette vart gjort for å ha oversikt over den samla delegasjonen i eit dokument, som vart styrehandsama.

Frå 1.1. 2018 avviklar vi mellombels organisering i nærregionane, og etablerer ein ny organisasjon. Rektor ber om at styret vidarefører gjeldande delegasjon frå styret til rektor, og at styret gjev rektor fullmakt til å revidere delegasjonsreglementet i tråd med endringane. Primært inneber det at punkta som omtalar vidare delegasjon frå rektor til nærregionane vert teke ut av delegasjonsreglementet. I tillegg så må vedtaket om delegasjon av tilsettingsmynde i undervisnings- og forskarstillingar inkluderast i revidert delegasjonsreglement. Styret vil få oppdatert delegasjonsreglement til orientering på første styremøte i 2018.

6. Rektor sin vurdering

Rektor vektlegg at delegering av tilsettingsmynde for UF-stillingar skal bygge opp under prinsippet om einskapleg leiing, der dekanane er tillagt samla fagleg og administrativ mynde for fakulteta. Rektor ser det vidare som sentralt at tilsettingsutvala har god kjennskap til fakulteta si faglege verksemd og fakultet sin kompetanseprofil. På bakgrunn av dette innstiller rektor på at tilsettingsmynde vert delegert til fakultetsvise tilsettingsutval.

Samstundes vil rektor peike på at det er behov for at HVL gjennom nærare retningslinjer for vurderings- og innstillingsprosessen, og gjennom sakshandsaminga sikrar kvalitet, einskapleg handsaming og sams praksis i dei fire fakulteta sine tilsettingsutval.

Vidare viser rektor til at HVL gjennom rekruttering og tilsetting i UF-stillingar må sikre ein kompetanseprofil i tråd med vedtekne strategiar. Tilsettingsutvala får her ein viktig rolle, og samansetnaden av utvala må ivareta dette. Dette tilseier at både toppkompetanse på fagsida (professor/dosent), og strategisk leiing på institusjonsnivå (prorektorane/organisasjonsdirektør) er representert i tilsettingsutvala.

Rektor foreslår følgjande samansetnad av tilsettingsutvala:

- Dekan (leiar)
- Instituttleiar
- Dei tre prorektorane og organisasjonsdirektør fordelar seg på dei fire tilsettingsutvala.
- To tilsettere representantar;
 - ein representant og ein vara oppnemnt av tenestemannsorganisasjonane
 - ein representant og ein vara oppnemnd av rektor etter innstilling frå dekan, fortrinnsvis med professor/dosentkompetanse.
- Ein studentrepresentant, med ein møtande vara.

Arbeidsgivarrepresentantane sin vara vil vere vedkommande leiar sin avløyser. Leiar vil ha dobbeltstemme i saker der det vert lik fordeling av stemmer.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/11609-1
Saksbehandlar Liv Synnøve Bøyum

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

100/17

**ARBEIDSMILJØUTVAL I HVL FRÅ 01.01.2018 -
ARBEIDSGJEVARREPRESENTANTAR**

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til vitande

Samandrag:

Styret vert i denne saka orientert om oppnemning av arbeidsgjevarrepresentantar til AMU.

Vedlegg:

Saka har ikkje vedlegg

Saksframstilling:

Det må oppnemnast nye medlemmer som skal representere arbeidsgjevarsida i arbeidsmiljøutvalet for HVL frå og med 01.01.2018. Bakgrunnen for dette er at fleire av dei som representerer arbeidsgjevarsida i 2017, vil ha anna stilling frå 01.01.2018. Det er arbeidsgjevar som oppnemner desse medlemmene, der eitt av medlemmane skal representere øvste leining i verksemda. Ved oppnemning av medlemmar bør det og takast omsyn til at ulike grupper i organisasjonen og nærregionane er representerte.

I midlertidig delegasjonsreglement for HVL som gjeld for den midlertidige organiseringa av HVL i 2017, er rektor gitt fullmakt til å utøve og delegere vidare arbeidsgivaransvaret i høgskulen. Det går og fram at nytt delegasjonsreglement vil bli utarbeidd når endeleg organisering er på plass. I og med at saka om oppretting av sentralt AMU for HVL vart lagt fram for interimstyret, vert også utpeiking av nye arbeidsgjevarrepresentantar lagt fram som orienteringssak for styret.

Arbeidsmiljøutvalet for HVL har vore omtala som hovudarbeidsmiljøutval (HAMU). Det er naturleg at ein heller nyttar nemninga AMU, og at AMU ved nærregionane vert omtala som lokale AMU.

Midlertidig organisering

Interimstyret for HVL vedtok i november 2016 midlertidig organisering av arbeidsmiljøtenesta og arbeidsmiljøutvalet for 2017, jf. sak 29/2016 Etablering av arbeidsmiljøutval (AMU). Følgjande vedtak vart fatta i saka:

1. *Det blir opprettet en midlertidig organisering av arbeidsmiljøtjenesten fra 01.01.17, i tråd med skisserte forslag.*
2. *Det blir etablert et Hovedarbeidsmiljøutvalg for Høgskulen på Vestlandet fra 01.01.17 med følgende sammensetning:*
 - a) *4 representanter med vararepresentanter fra arbeidsgiversiden med rektor som fast representant. Rektor oppnevner tre representanter fra ledelsen ved nærregionene.*
 - b) *4 representanter med vararepresentanter fra arbeidstakersiden, sammensatt av sentralt hovedverneombud og nærregionene sine hovedverneombud.*
 - c) *1 representant fra bedriftshelsetjenesten med møte og talerett*
 - d) *Rektor er sekretær for utvalget.*

Rektor foreslår at AMU for HVL vil bli prolongert med omsyn til tal medlemmer og rammer inntil ny organisering er på plass. Når den nye organisasjonsmodellen kjem på plass frå 01.01.2018 og utover året, må både AMU, vernetenesta og verneområda tilpassast den nye modellen. Det vil bli starta opp eit arbeid der ein tek opp samansetting og understruktur for AMU, samt organisering av vernetenesta. Dette arbeidet vert i regi av AMU, jf. Arbeidsmiljølova (aml) §7-2.

Bakgrunn for og samansetting av AMU

I verksemdar som sysselset meir enn 50 tilsette skal det vere arbeidsmiljøutval (AMU) der arbeidsgjevar, arbeidstakar og bedriftshelseteneste er representert, jf. aml §7-1. Arbeidstakar og arbeidsgjevar skal vere likt representert, og ulike grupper i verksemda bør vere representert. AMU kan og opprette underutval dersom det er behov.

Arbeidsgjevar oppnemner sine representantar med vara i utvalet. Ein representant frå øvste leinga i verksmeda skal vere med. Arbeidstakarrepresentantane har i høgskulen vorte peika på av fagforeiningane. Hovudverneombodet skal vere ein av arbeidstaka representantane i utvalet, jf. Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7. Medlemmane vert valde for to år av gangen. Leiar for utvalet vert valt for eitt år og vert valt blant medlemmane i AMU, og anna kvar gong frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida.

Bedriftshelsetenesta (bht) skal vere representert i AMU, og skal vere eit rådgjevande og uavhengig organ og representerer både arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida, men har ikkje stemmerett.

Oppgåver lagt til AMU er regulert i aml §7-2 og Forskrift om medbestemmelse, ledelse og medvirkning § 2-3. Dersom partane i verksemda er einige om at saker som er nemnt i aml § 7-2 (2) heilt eller delvis skal behandlast etter reglene i hovudavtalen og tilpassingsavtalen, blir desse bestemmelsane tatt inn i tilpassingsavtalen (HA §25).

AMU ved HVL i 2017

Hovudarbeidsmiljøutvalet ved HVL har vore sett saman av åtte medlemmar, der fire representerer arbeidstakarsida og fire arbeidsgjevarsida. I og med at vi har hatt eitt hovudverneombod ved kvar nærregion i 2017 og at det vart valt eitt hovudverneombod for heile HVL, har desse fire hovudverneomboda gått inn som medlemmar for arbeidstakarsida i HAMU. Medlemmar frå arbeidsgjevarsida er dekan Georg Førland, personaldirektør Wenche Fjørtoft, direktør Endre Laastad og prorektor Rasmus Stokke som var stadfortredar for rektor fram til 01.08.2017. Frå august har organisasjonsdirektør Tage Båtsvik møtt for rektor.

Bedriftshelsetenesta for dei ulike nærregionane har møtt i kvar sine møte.

Det er lagt opp til at AMU skal ha fire møte i 2017. Tre av fire møte er gjennomført og det fjerde skal vere i desember. Sekretærrolla, som er delegert frå rektor, har vorte utført av tre HMS-medarbeidarar som har arbeidsstad i kvar sin nærregion. Det har vore eitt fysisk møte og to pr. Skype. Avtalane dei tre nærregionane har med sine bedriftshelsetenester er forlenga til 31.07.2018. Fram til felles bedriftshelseteneste for HVL er på plass, frå 01.08.2018, vil gjedande praksis med at bedriftshelsetenesta for dei ulike nærregionane vekslar på å møte i AMU.

Dei lokale arbeidsmiljøutvala ved kvar nærregionane er i 2017 oppretthaldne og vidareført i tråd med saksframstillinga og vedtaket i interimstyresak 29/2016.

Arbeidsgjevarrepresentantar frå 01.01.2018

Rektor foreslår at representantar frå arbeidsgjevarsida i arbeidsmiljøutvalet (AMU) ved HVL frå perioden 01.01.2018 vert sett saman slik;

- Organisasjonsdirektøren med vara
- Ein dekan med vara
- Ein instituttleiar med vara
- Ein administrativ leiar på nivå 3 med vara

Ved oppnemning av medlemmer skal representasjon frå nærregionane ivaretakast. Det er valt tal medlemmar ut frå gjeldande samansetting av HAMU med åtte medlemmer. Dersom samansettinga av AMU for HVL vert endra, peikar rektor ut nye medlemmer.



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/01364-8
Saksbehandler Kari Thorsen

Arkivkode. 534

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

101/17

OPPNEMNING AV LEIAR FOR SKIKKAVURDERINGSNEMNDA VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Dekan Asle Holte, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), vert oppnemnt som leiar for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet frå 01.01.2018 og fram til 31.12.2020.

Samandrag

I denne styresaka foreslår rektor at dekan Asle Holte, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), vert oppnemnt som leiar for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet frå 01.01.2018 og fram til 31.12.2020.

Vedlegg:

Lenka vedlegg:

[Lov om universiteter og høgskoler § 4-10](#)

[Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning](#)

[Rundskriv til forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning](#)

Saksframstilling:

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet handsama i styresak 028/16 etablering av skikkavurderingsnemnd for HVL og gjorde slikt vedtak:

Leiar og medlemmer i skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert etablert som mellombels skikkavurderingsnemnd for Høgskulen på Vestlandet frå 01. januar 2017 og fram til ny organisering er fastsett, seinast innan 01. august 2018.

Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning § 7 regulerer samansetjing av nemnda:

Styret selv skal oppnevne en skikkethetsnemnd.

Nemnda skal bestå av:

- en faglig leder for avdeling eller fakultet for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- en faglig studieleder for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- to representanter fra praksisfeltet*
- to faglærere*
- to studentrepresentanter*
- en ekstern representant med juridisk embetseksamen.*

Medlemmer oppnevnes for tre år av gangen. Studentrepresentantene oppnevnes for ett år. Faglig leder for avdeling eller fakultet eller tilsvarende funksjon, er nemndas leder.

Dekan Anne-Grethe Naustdal (Sogndal), er leiar av skikkavurderingsnemnda. Frå 1. januar 2018 er ho ikkje lenger dekan, og kan såleis ikkje vere leiar av nemnda. I HVL er det utdanningar med skikkavurdering knytt til Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI) og Fakultet for helse- og sosialfag (FHS).

HVL har frå årsskiftet to dekanar som stettar kravet som leiar for skikkavurderingsnemnda etter forskrifta § 7 første strekpunkt:

- en faglig leder for avdeling eller fakultet for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon.*

Desse er dekan Asle Holte, FLKI, og dekan Randi Skår FHS.

Vurdering

Rektor foreslår etter samråd med dei to dekanane at dekan Asle Holte (FLKI) vert oppnemnt som leiar av skikkavurderingsnemnda ved HVL. I samsvar med forskrifta § 7, siste ledd, vert han oppnemnt for tre år frå 01.01.2018 med funksjonstid fram til 31.12.2020.

Rektor kjem tilbake til styret med forslag til oppnemning av ei ny skikkavurderingsnemnd for HVL tidleg i 2018, så snart nye faglege leiarar på instituttnivå er tilsett. Rektor si vurdering er at dei nye fakulteta som formelt vert etablert frå 01.01.2018 må få høve til å foreslå medlemmar til HVL si skikkavurderingsnemnd. Som ein følge av at leiar for skikkavurderingsnemnda kjem frå FLKI, legg rektor til grunn at fagleg studieleiar vert oppnemnt frå FHS. Rektor rår til at samansetjing av den nye skikkavurderingsnemnda ved HVL bør sikre representasjon frå alle nærregionar.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/03640-11
Saksbehandler Wiggo Hustad

Arkivkode. 013

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
29.11.2017

102/17

**ORIENTERING TIL STYRET OM OU-PROGRAMMET - NOVEMBER
2017**

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til vitande.

Samandrag

I denne saka vert styret orientert om status på framdrifta i OU-programmet.

Vedlegg:

Saka har ikkje vedlegg.

Saksframstilling:

OU-programmet fekk sitt mandat i styremøte 9.3.17, og informerer styret ved avvik frå plan, når ein av andre grunnar meiner det er rett, eller når ein vert beden om det. Styret fekk sist orientering i styremøte 26. oktober.

Programmet er delt i fire hovudprosjekt.

- P1 Førebuing av strategiprosess, forprosjekt
- P2 Fagleg organisering
- P3 Administrativ organisering
- P4 Digitalisering

OU-arbeid som går inn i 2018 vert føreslege lagt til organisasjonsdirektøren, og dei ressursar som ligg til OU-teamet vert inntil vidare overførde samla 1.1.18. Det vil seie at OU-programleiar rapporterer til organisasjonsdirektør og ikkje til rektor frå 1.1.18. Dersom funksjonsområde og –leing innanfor organisasjonsavdelinga er avklara før den tid, vert det opp til rektor og organisasjonsdirektør å fastsette intern organisering av framtidig OU-arbeid. Vesentlege satsingar utover det som låg i OU-programmet, som td leiarutvikling og kontinuerleg forbetring av prosessar både i fagleg og administrativ linje, må få plass i årsplanar og budsjett for det kommande året.

Hovudprosjekta har utvikla seg innhaldsmessig i samsvar med plan, eller tidlegare varsla forskyvingar. Vi har akseptert ei veke forskyving av arbeidet med funksjonsplanar. Dette kan påverke tidspunkt for ferdigstilling av bemanningsplanar (etter plan 2. februar 2018).

OU-programleiar vurderer arbeidet i programmet som prosessmessig vellukka, og leveransane som kvalitetsmessig gode. Det er ein stor prestasjon av både prosjektleiarar og tilsette på ulike nivå å komme gjennom så stort arbeid med grunnlaget for HVL, og samstundes ha levert på utdanning og forskning.

Prosjektleiarane informerer slik om sine pågåande aktivitetar.

Nærmare om hovudprosjekta¹

P1 Førebuing av strategiprosess, forprosjekt avslutta

P1 er levert, og ansvaret for vidare arbeid med strategiprosessen har sin eigen organisasjon. OU-teamet vil bidra i førebuingane til kommande strategiseminar.

P2 Fagleg organisering

Programleiar sin kommentar: Arbeidet med fagleg organisering skulle etter mandatet avklare:

- Endeleg namn på fakulteta
- Kva fagmiljø som tilhøyrrer kva fakultet
- Kva fagmiljø som konstituerer institutt
- Senterstruktur
- Prosess for og tempo i samkøyring av utdanningar i ulike fagmiljø, og eventuelt fasilitere slik samkøyring
- Råd og utval

Prosjektleiar for P2 har no levert avklaringar på alle desse områda. Nokre av desse avklaringane handlar om vidareføring av arbeid i linja det kommande året, medan dei store spørsmåla no har fått sitt svar: fakultet, institutt og såleis grunnlag for å bygge opp einskapleg leiing i fakulteta. Samkøyring av utdanningar har ikkje organisasjonen hatt kapasitet til å starte mykje på. Det er å vente at dette vil ta mykje merksemd i fakulteta i kommande år, med trong for vesentleg støtte frå studieadministrasjonen. Korvidt slike endringar også treng særleg digitaliseringskompetanse må organisasjonen vurdere snarast.

I det følgjande viser prosjektleiar til leveransane per delprosjekt siste månaden (november):

P.2.2 Instituttstruktur

November: Struktur for leiarar på nivå 4 og andre leiarar i fakulteta er på plass. Saka er overført i linja til dekanar og organisasjonsdirektør, men OU-teamet gav støtte i prosessen til IDF-møte 14.11.17. Delar av saka var ei forhandlingsak og partane vart samde.

Oktober: Arbeid med understrukturer i institutta er satt i gang.

¹ I dokumentet er informasjonen frå august og oktober teke med, slik at lesaren slepp å finne fram den på nytt.

P2.2.1 Etablering av senter

November: Alle sentra har fått midlertidig plassering slik:

	Senter	Plassering frå 1.1.18
1.	Senter for kunnskapsbasert praksis	FHS
2.	Senter for helseforskning	FHS
3.	FOUSAM - Felles FOU enhet for samhandling	FHS
4.	Senter for omsorgsforskning	FHS
5.	Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon	FLKI
6.	CASE – Center for Creativity, Arts and Science education	FLKI
7.	Senter for utdanningsforskning	FLKI
8.	Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet	FLKI
9.	Maritim Research	FØS
10.	Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling	FIN
11.	Senter for nye medier	Prorektor for samhandling

Sentra er overført til fakulteta og dekan avgjer om dei midlertidig vert organisert på nivå 3 eller 4.

Organisasjonen har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre work-shop om framtidig senterstruktur eller gjennomføre planlagde fokusgruppeintervju med senterleiarar. Dei har i staden fått eit personleg møte med rektor, med høve til å presentera arbeidet ved senteret. Neste steg er å setja ned eit utval som skal sjå nærare på korleis framtidige senter i HVL kan bidra til å nå universitetsambisjonen.

Utvalsarbeidet vert leia av prorektor for forskning og sett i samanheng med strategiprosessen. Dermed er dette delprosjektet også flytta over i linja til prorektor for forskning.

Oktober: Skriftlig grunnlagsmateriell er samlet inn og forslag om midlertidig plassering av eksisterende senter fra 1.1.18 er gått til ledergruppen. Styret kan orienteres om endelig plassering i neste styremøte. En workshop med målsetting om å kople arbeid med framtidig senterstruktur i HVL på strategiprosessen er under planlegging.

August: Det er OU-programleiar si vurdering at sjølv prosessen med å utarbeide prinsipp for senterstruktur og forslag til rammer for struktur, må koplast til arbeidet med strategiprosessen. Forslaget er at ein i inntil strategiprosessen startar, gjennomfører ein innleiande kartlegging av senterstrukturen. Det eksisterer 10 senter i HVL i dag. Ein vil gjennomgå relevante dokument, gjennomføre sjøvevalueringar og ha fokusgruppeintervju med aktuelle aktørar. Om og korleis desse sentra skal vidareførast, eller knytast til ein ny struktur, skal ikkje takast stilling til no. Det er likevel viktig for dei tilsette å etablere klåre koplingar til linjeorganisasjonen innan 1.1.2018. Slike vil vere mellombelse, fram til strategiprosessen er avslutta og sentra er vurderte i lys av denne.

P2.3 Samkøying av utdanningar

November: Prosjektleiari for samkjøring av BSV-utdanningar har overtatt prosjektet og det er lagt i linja til dekan for FHS. OU-teamet gir vidare støtte dersom det oppstår behov.

Oktober: Prosjektleiari for samkjøring av BSV utdanningar er tilsett. Samkøyinga er planlagt frå hausten 2019. OU gir prosesstøtte til prosjektleiari.

August: Før sommaren var det klart at barnehagelæruddanningane skulle vere pilot for samkøying, med oppstart hausten 2018. Det vart laga prosessplan og planlagt å tilsette prosjektleiari. Etter fleire kritiske merknader til tempoet i prosessen valde dekanane å trekkje denne utdanninga som pilot i OU-programmet. Samkøying av Barnevern-, sosialt arbeid- og vernepleieutdanningane (BSV) er fortsatt ein pilot, men det vart avklara i mai at felles studie ikkje kan starte før 2019. Denne utsetjinga har samanheng med pågåande nasjonale prosessar. OU er likevel støtte for prosjektet, så langt OU-programmet er i drift.

P2.4 Utgreiing og etablering av råd og utval

November: Saka om råd og utval er overtatt i linja av organisasjonsdirektøren.

Oktober: Organisasjonsdirektør og KA-personal er koplet på prosessen. Planlagt styresak i desember slik at som minimum alle lovpålagte organ er på plass fra 1.1.18.

August: Det er OU-programleiari si vurdering at prosessen kan starte med ei kartlegging av erfaringar med råd og utval i eigne organisasjonar og kva råd og utval fusjonerte institusjonar vi kan samanlikne oss med har etablert. Gjennomgang av skriftleg materiale og intervju/fokusgrupper med involverte partar er aktuelt. For å spare organisasjonen i denne fasen, føreslår OU å skissere alternative forslag til struktur for råd og utval, inkludert retningslinjer for oppretting av råd og utval ved HVL og mandat. Dette kan brukast i vidare prosess med å forankre og fatte vedtak i saka.

P3 Administrativ organisering

P3 omfattar etablering av administrative einingar på fleire nivå, samt å knyte funksjonar og rollar til desse. Arbeidet hadde ein opprinneleg ambisjon om å vere avslutta slik at ein kunne gjennomføre innplassering av tilsette i administrative stillingar før årsskiftet 17/18. Styret er tidlegare informert om noko forskyving i tid.

P3.1 Identifisering av administrative funksjoner og prosesser

November: Administrative funksjoner og prosesser er definerte. De administrative funksjonene har nå fått en organisatorisk plassering gjennom rektorvedtak. Arbeidet har lagt i linjen, med organisasjonsdirektør som leder, men arbeidet har gitt viktige føringer for det videre arbeidet i delprosjekt P3.3. Rektors beslutning har definert overordnet ansvar for administrative funksjonsområder til prorektorer og direktører, prinsipper for lederstruktur, samt organisatorisk plassering av administrative funksjoner og oppgaver i fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon. Delprosjekt P3.3 arbeider nå videre med detaljene i organiseringen. De administrative prosessene som ble definerte er nå beskrevet i delprosjekt P3.2.

Delprosjekt P3.1 er avsluttet i henhold til plan.

August: I **P3.1** har ein identifisert dei administrative funksjonane, men ikkje knytt dei til endeleg til namngjevne organisasjonseiningar. Det vert starta eit eige delprosjekt, med organisasjonsdirektøren som leiar, for å få landa dette snarast. Dette er eit arbeid som ligg i linja, ikkje i OU-programmet, men som gir viktige føringar inn i det vidare arbeidet i delprosjekt P3.3, og som ein difor sikrar koplinga mellom.

P3.2 Felles praksis

November: Delprosjekt P3.2 har involvert i overkant av 40 arbeidsgrupper med til sammen rundt 200 administrative medarbeidere, i tillegg til konsultasjon av studenter og fagansatte underveis i arbeidet. Delprosjektet hadde leveransefrist 31.10. 181 prosessmodeller er levert inn, og leveransen inkluderer 130 forslag til digitalisering av arbeidsprosesser.

Leveransen inkluderer vidare underlagsmateriale i form av retningslinjer og lov- og regelverk som ligger til grunn for prosessbeskrivelsene, samt oversikter over gjenstående, ikke-beskrevne prosesser og eventuelle uavklarte grenseflater – noe som gir et godt grunnlag for vidare arbeid med prosessutvikling i linjen.

Det er anskaffet et digitalt prosessverktøy, og det arbeides nå med å bygge strukturen i dette verktøyet og å legge inn prosessene med tanke på digital tilgjengeliggjøring.

De beskrevne arbeidsprosessene bidrar til lik praksis for administrative prosesser i HVL, tydelige roller og ansvarsfordeling i arbeidet og åpenhet om våre arbeidsmetoder internt og eksternt. Det viktigste bidraget vil likevel være inn mot godt samarbeid på tvers av linjer og enheter i organisasjonen og kontinuerlig og

systematisk kvalitetsutvikling, samt at slike standardiserte arbeidsprosesser er en forutsetning for digitaliseringsarbeidet.

I tilknytning til leveransen ble det avholdt koblingsmøter mellom arbeidsgruppene som har utarbeidet prosessbeskrivelsene, og prosjektgruppene i delprosjekt P3.3 som skal utarbeide den administrative organisasjonsstrukturen. Prosjektgruppene fikk presentert de administrative arbeidsprosessene som tilhører deres funksjonsområder, med tanke på det videre arbeidet med organisering, hvor ansvar for de ulike prosessene vil bli lagt til ulike administrative enheter.

Delprosjekt P3.2 er med dette avsluttet i henhold til plan.

Oktober: I delprosjekt P3.2 Felles praksis er det et førtitalls arbeidsgrupper i sving med prosesskartlegging og -utvikling. Prosjektleder har hatt statusmøter med arbeidsgruppelederne de siste to ukene, og arbeidet går etter plan. Når arbeidsgruppene leverer prosessene 31.10. har en oversikt over:

- de viktigste arbeidsprosessene innenfor hvert administrative funksjonsområde,
- gjenstående prosesser som må kartlegges/utvikles og
- uavklarte grensesnitt mellom ulike prosessområder.

Prosessverktøy er under anskaffelse, innenfor rammene av eksisterende avtale. Det er et stort stykke arbeid som er gjort og gjøres i arbeidsgruppene, og dette arbeidet er en forutsetning for digitalisering av administrative prosesser, og det danner grunnlag for HVLs kvalitetssystem og videre kvalitetsutvikling av administrative tjenester på tvers av campuser og enheter i HVL.

I uke 44 og 45 planlegges møter som kobler delprosjekt P3.2 (arbeidsprosesser) og delprosjekt P3.3 (organisasjonsstruktur). Arbeidsprosessene blir da tatt videre inn i arbeidet i delprosjekt P3.3, hvor de blir lagt til ulike enheter og prosessansvar defineres.

August: P3.2 omhandler etablering av felles praksis, og er i rute. Arbeidet i om lag 40 arbeidsgrupper er omfattende og har alt resultert i gjensidig kunnskapsdeling og bedre administrative prosesser. Det er etter OU-programleiar si vurdering avgjerande at arbeidet med slik medarbeidar driven effektivisering og kvalitetsutvikling vert vidareført utover programperioden.

P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur

